



Innkalling Kommunestyret

Møtedato: 24.11.2020
Møtested: Teams (kantina på rådhuset)
Møtetid: 14:00 - 15:30

Forlenging av forskrift om Korona.
(Varsel om møtet sendt på e-post 23. november)

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
108/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
109/20	Godkjenning av møteprotokoll
110/20	Forskrift om Korona-tiltak strengare enn dei nasjonale - gjeldande til 8. desember

Austrheim 24. november 2020

Per Lerøy
ordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
108/20	Kommunestyret	PS	24.11.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4878

Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
109/20	Kommunestyret	PS	24.11.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4878

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg

Protokoll - Kommunestyret - 12.11.2020

Protokollen - Kommunestyret - 18.06.2020

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 12.11.2020
Møtestad: Teams-møte
Møtetid: 18:00 - 21:50

Orienteringar:

- 2. tertialrapport (Odd Harald Dommersnes)
- Framdrift arbeid med arealbruk kommunehuset (Bjarne Ve Sæbø)

I dette møtet vert det orientering frå Invest in Bergen, ved Tone Hartvedt og Vidar Totland, om moglege prosjekt i denne regionen.

Invest in Bergen har sitt innlegg før orienteringar og saker elles.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognnes	H	Medlem
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Lise Renate Helle	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Marita Terese Bru	BIA
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Jan Erik Espelid	BIA	Varamedlem
Stein Kåre Løvslett	KRF	Varamedlem

Desse møte frå administrasjonen:

Asbjørn Nagell Toft, Bjarne Ve Sæbø, Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Liv Løvvik, Monika Kvamme, Odd Harald Dommersnes, Thomas Lindås

Austrheim 20. november 2020

Per Lerøy
ordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
094/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
095/20	Godkjenning av møteprotokoll
096/20	Meldingar
096/20.1	Diplom - Austrheim gjev 25.000 til TV-aksjonen 2020
096/20.2	Forsking på lokalpolitikarar sine arbeidsvilkår og lokaldemokratiet
097/20	Orienteringssak
098/20	Detaljregulering for Næringsområde N41 og N42 Kaland, vest for Mongstadkrysset, planid. 2018002 - Godkjenning
099/20	Planstrategi for Austrheim kommune 2020 - 2024 - Godkjenning
100/20	Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette
101/20	Ny samarbeidsavtale Bergen og Omland Friluftsråd
102/20	Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland - Val av representant
103/20	Medlemskap i Invest in Bergen og Etablerarsenteret - vidareføring
104/20	Økonomireglement
105/20	Ny representant - felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt 2019-2023
106/20	Ny varaliste til formannskapet - Austrheim Sp
107/20	Stadfesting av smitteverntiltak innført av KKL

094/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

12.11.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 094/20 - 12.11.2020 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

095/20: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

12.11.2020 KOMMUNESTYRET

Reidar Øksnes etterlyste protokollen frå 18. juni. Møtesekretæren skal følgja opp.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke, med ei retting: På frammøtelisten for møtet 30. juni skal Britt Skålevik Lerøy erstattast av Anette Kaland.

KS - 095/20 - 12.11.2020 - Vedtak:

Møteprotokoll frå dei to siste møta vart godkjent, med ei retting: På frammøtelisten for møtet 30. juni skal Britt Skålevik Lerøy erstattast av Anette Kaland.

096/20: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

12.11.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 096/20 - 12.11.2020 - Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

096/20.1: Diplom - Austrheim gjev 25.000 til TV-aksjonen 2020

Rådmannen sitt framlegg:

12.11.2020 KOMMUNESTYRET

KS - 096/20.1 - 12.11.2020 - Vedtak:

096/20.2: Forsking på lokalpolitikarar sine arbeidsvilkår og lokaldemokratiet

Rådmannen sitt framlegg:

12.11.2020 KOMMUNESTYRET

097/20: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

12.11.2020 KOMMUNESTYRET

Tone Hartvedt og Vidar Totland frå Invest in Bergen orienterte om arbeidet som vert gjort av Invest in Bergen (presentasjonen ligg ved møteboka), med å lokka nye bedrifter til å etablere seg i Bergensområdet. Seinare i møtet skal kommunestyret ta stilling til om ein skal vidareføra medlemskapet i Invest in Bergen. Spørsmålet er å gå inn med 4 kroner per innbyggjar, eit tilskot som vert matcha av Vestland fylkeskommune. Så langt av lokale kommunar er desse med vidare: Modalen, Masfjorden, Osterøy og Bergen.

Invest in Bergen jobbar mellom anna med etablering av datasenter, ikkje mining av kryptovaluta, men datalagring. Eit anna prosjekt dei jobbar med er hydrogenproduksjon, blå eller grøn, der Mongstad er høgaktuelt.

Spørsmålsrunde:

På spørsmål frå Inger Lise Brekke (H) svara Vidar Totland at det er ein føremon om kommunen står for ein reguleringsplan for industriområdet i Øksnesmarka, det vil vera ein styrke om arealet er ferdig regulert for å trekka til seg ulike aktørar, til dømes frå akvakultur.

Reidar Ulvøy (Ap) spurte om ein ikkje kan henta straum til Kollsnes med sjøkabel rett frå til dømes Modalen, når det uansett skal leggjast sjøkabel til plattformane. Vidar Totland frå Invest in Bergen stadfesta at dette er ei mogleg løysing. Om dette sa ordførar Per Lerøy (Ap) at ein bør ha energi tilgjengeleg, så mykje energi det vert produsert i regionen.

Hardy Pedersen (Ap) spurte om det ikkje er mogleg å oppgradera vasskraft for å få meir kraft disponibelt. Vidar Totland sa at det er tilstrekkeleg produksjon av kraft, men det er betre nett austover enn ut mot kysten.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om det er laga kalkylar for kor mykje det kostar før ein kan setja spaden i jorda, anten det er Øksnesmarka eller andre stader. Vidar Totland svar at ein reknar nøye på dette for datasenter, men på meir overordna nivå for andre areal. Tone Hartvedt la til at det blir opplyst om reguleringsstatus der dette er aktuelt.

Tone Hartvedt sa at mange aktørar ønskjer å komma til eit område som er mest mogleg ferdig, til areal som både er regulert og har framført infrastruktur. Å venta i to år på ei regulering er ofte uaktuelt.

Aslak Bakke (H) spurte om korleis ein reklamerer for næringsareal. Tone Hartvedt svara at dei jobbar saman med Invest in Norway og andre, samlar store areal og framsnakkar dette, og til vanleg deltek på messer og utstillingar (men ikkje akkurat i år). Vidar Totland sa at dei marknadsfører kommunale og private tomter på like fot, og la til at det generelt er lettare å marknadsføra det som er ferdig regulert.

Rikke Heldal Hope (H) sa at det kan vera kritisk for kommunen å ta kostnaden med regulering, når ein ikkje veit meir om kven som kan vera aktuelle. Vidar Totland sa at det er lettare om det er klart, kan prøva å få aktørar som har lengre horisont, men ofte kjem bedriftene "fem på tolv" og skal ha areal.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om pågang på næringsarealet kommunen snart har klart på Mongstad.

Vidar Totland svara at dette var veldig aktuelt før det vart klart at det er lite straum tilgjengeleg på Mongstad. Totland sa vidare at ein må tenka totalitet på utnyttinga av arealet.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om Invest in Bergen var med på å sjå på det næringslivet som alt eksisterer i regionen. Tone Hartvedt svara at ein ikkje ser på eksisterande bedrifter for å tilby hjelp, men har sett på kvar lokale bedrifter kan finna nye areal. Men elles har Innovasjon Norge eigne program for bedrifter som ønskjer å veksa. Til dette sa Hardy Pedersen (Ap) at lokale bedrifter er involverte i ulike prosjekt, som til dømes i Greenspot Mongstad.

Per Lerøy (Ap) oppsummerte at det må spelast inn for nye aktørar at det er sterk lokal kompetanse i regionen. Vil vera eit steg nærare med reguleringsplanen på plass, og når dette er gjort er det berre eit par veker før ein kan starta arbeid på tomta (N41 / N42 Kaland).

Reidar Øksnes (Sp) sa at det er viktig å informera om arbeidet lokalt, der det kan vera skepsis til den høgare aktiviteten, til dette svara Per Lerøy (Ap) at det skal vera sikra gjennom arbeidet med ein reguleringsplan.

Kommunalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om rekneskapstala per 30. september (oversikta ligg ved møteboka). Dommersnes sa vidare at resultatet per oktober ser betre ut enn per september.

Kostnader til Korona er så langt 5,5 millionar kroner, her vert ekstrakostnader dekkja av Fylkesmannen, men ikkje lønskostnader til dei som allereie ligg inne i budsjettet.

Britt Skaalevik Lerøy (Ap) spurte om det er arbeid som er utsett på grunn av Korona, her svara Dommersnes at ein i alle fall ligg etter på alarmanlegg på Nordliheimen, og for investeringar i vatn. Dette vert skubba ut i tid.

Om same emne sa Liv Løvvik at det er skubba på vedlikehald, det er utsett avspasering og fri for lege og anna helsepersonell, og det vil komma kostnader når ein seinare skal ta inn vikar når dei som har til gode fri skal ta ut dette.

Helge Dyrkolbotn (KrF), Aslak Bakke (H) og Monika Thorpe (Ap) sa at det er bra at økonomistyringa er under kontroll, men at det er viktig at ein har kontakt ut og ser der det har vore spara mykje, for dette kan gje høgt sjukefråvær eller anna.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er bra at ein har fått rydda, no gjeld det å vera framtidsretta.

Rådgjevar Bjarne Sæbø orienterte om prosjektet "Bruk av areal på kommunehuset". Presentasjonen ligg ved møteboka.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for å ta orienteringane til vitande.

KS - 097/20 - 12.11.2020 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

098/20: Detaljregulering for Næringsområde N41 og N42 Kaland, vest for Mongstadkrysset, planid. 2018002 - Godkjenning

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner Detaljregulering for Næringsområde N41 og N42 Kaland, vest for Mongstadkrysset, planid. 2018002. Plandokumenta med planomtale er datert den 05.03.2020 og reviderte reguleringsføresegner den 22.10.2020. Reguleringsplankart er datert den 04.03.2020 og ROS-analyse den 15.06.2020. Illustrasjonsplanane 1 og 2 er datert den 03.03.2020. Mobilitets-

og trafikkanalyse for Kaland Næringsområde er datert den 19.06.2020.

Følgjande føresegner vert endra i reguleringsplanen under § 2.1:

§ 2.1 Industriområde BI og kombinert område BKB1 og BKB2 (forretning/ kontor/ industri) kan nyttast til næring og industri som har lågt farepotensiale og låg miljøbelastning i form av ureining og støy. Andre tiltak enn det ROS-analysen har vurdert og viser er trygt kan ikkje tillast. Om bedrifta inneber farar som ROS-analysen ikkje har vurdert, kan ikkje reguleringsplanen opne for bedrifta utan ei planending.

Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

12.11.2020 KOMMUNESTYRET

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka.

No er det opna for at ein kan bygga ut området stegvis, med ein del utbygging før ein får rekkefølgekrev om å få rundkjøring i krysset mot Kjeilevegen. Reguleringsplanen er fleksibel, kan få inn både få store aktørar eller fleire mindre aktørar. Det er veldig positivt at kommunestyret løyver midlar til dette arbeidet, slik at ein kunne få området regulert.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om ein framleis har avtale om deponering av masser på arealet like ved reguleringsområdet. Ordførar Per Lerøy (Ap) svara at kommunen fram til 2016 hadde opsjon på kjøp av dette arealet, men at kommunen ikkje nytta seg av denne. Asbjørn Toft svara at det også er andre lokale mottak som er godkjende, ikkje langt vekk frå dette arealet.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om ikkje landbruksfagrådet skulle vore betre orientert, Asbjørn Toft sa at rådet var orientert tidlegare då dette arealet var aktuelt i samband med Johan Sverdrup-planane (rørleidning over land, vart lagt i sjø), og at landbrukssjefen er godt orientert.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein også må hugsa at det skal bu folk i dette området, og at dette skal vera eit godt bu- og oppvekstmiljø.

Rådmann Liv Løvvik sa at det er viktig å sikra at ein har midlar til denne typen planlegging, og i neste omgang at ein kan gje støtte til etablering av ulikt næringsliv, når det er aktuelt.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det ikkje er mange andre kommunar som har ferdig regulerte næringsareal slik Austrheim har her. Om straum sa Lerøy at det tok 20 år med planlegging å få til linja Modalen-Kollsnes, men det var ikkje då førespegla at denne straumen skulle brukast til elektrifisering av Nordsjøen. Ein kan løysa kapasitetsproblemet med å auka transformatorkapasiteten frå 300 til 420 KV, som linja faktisk er bygd for. Det er mogleg å framskunda denne auken frå 300 til 420 KV.

Reidar Øksnes (Sp) viste til at situasjonen vart forverra av at Equinor stenger kraftvarmeverket på Mongstad.

Aslak Bakke (H) sa at det også er viktig for næringsutviklinga at det er mobildekning, dette må vera på plass. Dette er viktig både for næringsliv og for private.

Reidar Ulvøy (Ap) ba om at det vart sett trykk på arbeidet med å bremsa elektrifisering av Nordsjøen, for å halda igjen straum til næringslivet lokalt. Om dette sa Per Lerøy (Ap) at det vert jobba aktivt med saka. Det er Equinor som står for dette no, etter at dei fekk konsesjon til å ta ut straum til elektrifisering. Equinor har komme heldig ut av dette på mange måtar, får billeg straum frå nettet, sparer CO2-avgift, kan selja gassen dei sparer for god pris, og slepp anleggsbidrag sidan linja var nybygd då dei fekk konsesjonen.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om korleis denne planen påverkar butikkane som ligg der i dag, her svara Asbjørn Toft at desse areala alt er regulerte, og at det kan byggast ut meir der.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at diskusjonen om straum er viktig, men kanskje ikkje rett å ta i denne saka.

Morten Sognnes (H) sa at dette var eit godt planarbeid som er gjort. Sa vidare at ein gjerne kan gjera Kaland til endå betre område å veksa opp i, ved å flytta ungdomskulen dit og ikkje til Årås.
Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 098/20 - 12.11.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner Detaljregulering for Næringsområde N41 og N42 Kaland, vest for Mongstadkrysset, planid. 2018002. Plandokumenta med planomtale er datert den 05.03.2020 og reviderte reguleringsføresegner den 22.10.2020. Reguleringsplankart er datert den 04.03.2020 og ROS-analyse den 15.06.2020. Illustrasjonsplanane 1 og 2 er datert den 03.03.2020. Mobilitets- og trafikkanalyse for Kaland Næringsområde er datert den 19.06.2020.

Følgjande føresegner vert endra i reguleringsplanen under § 2.1:

§ 2.1 Industriområde BI og kombinert område BKB1 og BKB2 (forretning/ kontor/ industri) kan nyttast til næring og industri som har lågt farepotensiale og låg miljøbelastning i form av ureining og støy. Andre tiltak enn det ROS-analysen har vurdert og viser er trygt kan ikkje tillast. Om bedrifta inneber farar som ROS-analysen ikkje har vurdert, kan ikkje reguleringsplanen opne for bedrifta utan ei planendring.

Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

099/20: Planstrategi for Austrheim kommune 2020 - 2024 - Godkjenning

Rådmannen sitt framlegg:

Planstrategi for Austrheim kommune 2020-2024 vert godkjent. Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 10-1.

Styringsgruppa for planstrategiarbeidet er formannskapet.

12.11.2020 KOMMUNESTYRET

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka.

Jan Erik Espelid (Bygdelista) sa at det må vera samanheng mellom samfunnsplan og planarbeid som vert starta opp. Han ba om at styringsgruppa for planstrategiarbeidet blir utvida med ein representant frå Bygdelista.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa at dette med styringsgruppa for planstrategiarbeidet er omtala tidlegare, og i saka er det lagt inn det som er vedteke i formannskapet.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det er naturleg at dette kjem som ei eiga sak til kommunestyret, sidan det er kommunestyret som har bedt om dette.

Inger Lise Brekke (H) sa at det ikkje er naturleg å votera om ei utviding av styringsgruppa inn i denne saka, men er gjerne med på å sjå på utvalsmodellen.

Per Lerøy (Ap) sa at det er to ulike saker, om medlemmer i styringsgruppa og utvalsmodellen.

Reidar Øksnes (Sp) sa at han held på at det må komma ei eiga sak om kor vidt styringsgruppa for planstrategien skal vera lik arealplanutvalet.

Jan Erik Espelid sa at han trekker framlegget om ein då kjem tilbake med ei eiga sak. Dette er framlegget som vart trekt:

1. I samsvar med kommuneplanen sin samfunnsdel der det heiter at Austrheim kommune ska «utarbeida kommunal temaplan mot attgroing, med mål, strategiar og tiltak» vert dette planarbeidet starta snarast råd, anten som eigen temaplan eller som del av revisjon av landbruksplanen.

2. Styringsgruppa vert utvida med ein representant frå Bygdelista.

Per Lerøy (Ap) sa at ein då ber rådmannen greia ut til neste kommunestyremøte om styringsgruppa for planstrategien skal vera lik arealplanutvalet.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 099/20 - 12.11.2020 - Vedtak:

Planstrategi for Austrheim kommune 2020-2024 vert godkjent. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 10-1.

Styringsgruppa for planstrategiarbeidet er formannskapet.

100/20: Ethiske retningslinjer for folkevalde og tilsette

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek «Ethiske retningslinjer for folkevalde og tilsette».

22.10.2020 ADMINISTRASJONSUTVAL

Kommunalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er viktig at dette vert sett i samanheng med eit godt system for avvik- og varslingssaker. Wenche Myrmel sa at det er system i bruk, og at det er ein del avviksmeldingar, og også varslingssaker.

Per Lerøy (Ap) ba om at oppfølging av avvik vart sett i system for å sikra at det vart følgt opp, og fekk støtte av Morten Sognnes (H) i at ein må følgja opp at avvika vert lukka.

Janina Fenne ba om at det var folk ute på avdelingane og orienterte om avvikssystemet, for å få fleire til å bruka dette.

Odd Harald Dommersnes sa at kunnskapen må opp om avvikssystemet rundt i organisasjonen. Det å melda avvik, og korrigera det som ikkje fungerer, må i gang i organisasjonen.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er viktig at systema er på plass, og Per Lerøy (Ap) sa at det er eit teikn på forbetring at det blir meldt inn avvik, som så kan rettast. Det at det er mange avvik betyr ikkje at noko ikkje er trygt.

Monika Soltveit Gabrielli (UTD) spurte om ein kan ta inn i retningslinjene at ein skal bruka avvikssystemet.

Odd Harald Dommersnes spurte om ein heller kan kalla det eit forbetringssystem, og ikkje avvikssystem som er eit negativt lada uttrykk.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

ADM - 027/20 - 22.10.2020 - Vedtak:

Kommunestyret vedtek «Ethiske retningslinjer for folkevalde og tilsette».

22.10.2020 FORMANNSKAPET

Ordfører Per Lerøy viste til at denne saka også var handsama i administrasjonsutvalet.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 123/20 - 22.10.2020 - Vedtak:

Kommunestyret vedtek «Ethiske retningslinjer for folkevalde og tilsette».

02.11.2020 ARBEIDSMILJØUTVALET

Handsaming i utvalet:
«Ethiske retningslinjer for folkevalde og tilsette» er allereie vedteke av kommunestyret.
Arbeidsmiljøutvalet tek dette vedtaket til orientering.

AMU - 028/20 - 02.11.2020 - Vedtak:

Ethiske retningslinjer for folkevalde og tilsette» er allereie vedteke av kommunestyret.
Arbeidsmiljøutvalet tek dette vedtaket til orientering.

12.11.2020 KOMMUNESTYRET

Rådmann Liv Løvvik orienterte om saka.
Rådmannen sa at det ikkje er slik at det ikkje har eksistert ein god standard på dette frå før av, men det er oppdatert no opp mot nye lovparagrafar, og teke med nye punkt om varsling med meir.
Reidar Øksnes (Sp) sa at han synest det var bra at det var stykka opp til plakatar, som er synlege og forståelege, og kan slåast opp på arbeidsplassen. Elles ba han om at det vart tatt ein språkvask på dokumentet, dette svara rådmannen at skulle gjerast.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 100/20 - 12.11.2020 - Vedtak:

Kommunestyret vedtek «Ethiske retningslinjer for folkevalde og tilsette».

101/20: Ny samarbeidsavtale Bergen og Omland Friluftsråd

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim kommune tilrår at kommunestyret gjev si tilslutning til den nye samarbeidsavtalen og at den trer i kraft 1.januar 2021. Vidare bekreftes det at kommunens representant(ar) med tilhørende vararepresentant(ar) til årsmøtet skal være kommunens representant(ar) og vararepresentant(ar) i representantskapet til Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefelleskap (BOF)”.
Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Saka vert sendt til kommunestyret i Austrheim.

22.10.2020 FORMANNSKAPET

Kommunalsjef Thomas Lindås orienterte om saka. Dette er ei justering mykje på grunn av at det er nye kommunar, samt at det er lagt inn at BOF skal driva med innsamling av Marin forsøpling. Ordførar Per Lerøy sa at dette er innsamling av plast frå havet, basert på inntekter frå avgifta som er på plastposar. Skal i Austrheim bruka den kartlegginga som Neptun har gjort. Morten Sognnes (H) spurte om dei også tek inn plastbåtar, ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette er noko ein må spela inn. Sognnes viste til at det er mange som berre dumpar gamle plastbåtar og ikkje tek ansvar for desse.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 118/20 - 22.10.2020 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune tilrår at kommunestyret gjev si tilslutning til den nye samarbeidsavtalen og at den trer i kraft 1.januar 2021. Vidare bekreftes det at kommunens representant(ar) med tilhørende vararepresentant(ar) til årsmøtet skal være kommunens representant(ar) og vararepresentant(ar) i representantskapet til Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefelleskap (BOF)”.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Saka vert sendt til kommunestyret i Austrheim.

12.11.2020 KOMMUNESTYRET

Kommunalsjef Thomas Lindås orienterte om saka, som er ei oppdatering med samanslåtte kommunar og mindre endringar elles.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at BOF også skal koordinera innsamling av marint avfall framover. Reidar Øksnes (Sp) spurte om BOF skal handheva noko i samband med marint avfall. Ordførar Lerøy sa at det er sett av midlar til innsamling av plast i skjergarden, utført av profesjonelle aktørar. Dette er eit prosjekt som går frå 2021 til 2023, der BOF skal koordinera arbeidet i sine medlemskommunar, på vegner av miljøavdelinga hjå Fylkesmannen i Vestland.

Øksnes (Sp) ba om at ein sikra seg avtalar med private grunneigarar der det skal ryddast i strandsona, og viste til at det ein del strandsoner som er beiteareal. Ordførar Lerøy svara at dette er noko Fylkesmannen har fokus på, mellom anna for å sikra areal der fuglar hekkar.

Øksnes (SP) sa vidare at det er bra at dette vert sett i system, men at ein må sjå nøye på mellom anna lagring av innsamla plast.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 101/20 - 12.11.2020 - Vedtak:

Kommunestyret gjev si tilslutning til den nye samarbeidsavtalen og at den trer i kraft 1.januar 2021. Vidare bekreftes det at kommunens representant(ar) med tilhørende vararepresentant(ar) til årsmøtet skal være kommunens representant(ar) og vararepresentant(ar) i representantskapet til Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefelleskap (BOF)”.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Saka vert sendt til kommunestyret i Austrheim.

102/20: Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland - Val av representant

Rådmannen sitt framlegg:

1. Austrheim kommune vedtar å slutta seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i henhold til plan- og bygningslova §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføra planprosessen fram til politisk behandling i kommunestyret i Austrheim kommune.
3. Austrheim kommunestyre vedtar at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.
4. Austrheim kommune vel ordførar Per Lerøy til medlem, med varaordførar Inger Lise Brekke som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte.

22.10.2020 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka.
Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 117/20 - 22.10.2020 - Vedtak:

1. Austrheim kommune vedtar å slutta seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i henhold til plan- og bygningslova §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføra planprosessen fram til politisk behandling i kommunestyret i Austrheim kommune.
3. Austrheim kommunestyre vedtar at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.
4. Austrheim kommune vel ordførar Per Lerøy til medlem, med varaordførar Inger Lise Brekke som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte.

12.11.2020 KOMMUNESTYRET

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka. For punkt 3 i vedtaket sa Toft at ein innstiller på ordførar Per Lerøy (Ap) som representant frå Austrheim kommune, med varaordførar Inger Lise Brekke (H) som vararepresentant.
Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 102/20 - 12.11.2020 - Vedtak:

1. Austrheim kommune vedtar å slutta seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i henhold til plan- og bygningslova §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføra planprosessen fram til politisk behandling i kommunestyret i Austrheim kommune.
3. Austrheim kommunestyre vedtar at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.
4. Austrheim kommune vel ordførar Per Lerøy til medlem, med varaordførar Inger Lise Brekke som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte.

103/20: Medlemskap i Invest in Bergen og Etablerarsenteret - vidareføring

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune vedtek å inngå ny samarbeidsavtale om Invest in Bergen og Etablerarsenteret frå 01.01.2021-31.12.2024.

22.10.2020 FORMANNSKAPET

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om saka.

Er ikkje store summar for kommunen, og når kommunen er inne med midlar så doblar fylkeskommunen desse summene.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 119/20 - 22.10.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune vedtek å inngå ny samarbeidsavtale om Invest in Bergen og Etablerarsenteret frå 01.01.2021-31.12.2024.

12.11.2020 KOMMUNESTYRET

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om saka.

Jan Erik Espelid (Bygdelista) spurte kvar midlane skal hentast frå, og sa at det bør vera sett opp kva konto dette skal førast på. Rådmann Løvvik sa at dette skulle vore med, men det er uansett ikkje store kostnaden, kring 12.000 kroner.

Reidar Øksnes (Sp) ba om at ein vurderer namnet Invest in Bergen, her svara ordførar Lerøy at namnet Bergen er det som er kjent ute, og er lettare å selja enn andre namn. Rådmann Løvvik sa at ein kan diskutera namnet, men at det er veldig bra arbeid som blir gjort.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 103/20 - 12.11.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune vedtek å inngå ny samarbeidsavtale om Invest in Bergen og Etablerarsenteret frå 01.01.2021-31.12.2024.

104/20: Økonomireglement

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim formannskap/kommunestyre vedtek økonomireglement for Austrheim kommune

22.10.2020 FORMANNSKAPET

Kommunalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Legg opp til å betra driftsresultatet - bygga opp disposisjonsfond - redusera lånegjelda i prosent av brutto driftsinntekter.

Kommunalsjef Dommersnes spurte om det er vanleg i Austrheim å leggja fram rapport etter 3. tertial, ordførar Per Lerøy (Ap) svarta at det ikkje har vore vanleg, men har vore etterlyst.

For økonomi viste Dommersnes til at det er avdelingsleiarar som framover må løysa budsjettsprekkar innan sine tenesteområde. Om det er avvik utover dette, så må ein be om auka midlar politisk. Det var ein diskusjon om dette, Dommersnes presiserte at budsjettet er bygd nedanfrå og opp, og at dersom avdelingsleiarar ser at det er behov for meir så må det løysast innanfor den sektoren. Skulle det skje spesielle ting, som at nokon med store behov flyttar til kommunen, så vil administrasjonen gå til politikarane og be om ekstra midlar, og be om ei politisk prioritering på korleis dette skal løysast. Formannskapet vil få månadlege rapporteringar på dette, med rapport og prognosar.

Morten Sognnes (H) sa at dette er noko ein har venta på, og som ein ser fram til. Inger Lise Brekke (H) sa at denne måten å jobba på, gjev avdelingsleiarar eit eigarskap til budsjetta sine.

Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om ein kan setja ein ambisjon på 1,75 prosent driftsoverskot heller 3 prosent, for å ha større handlingsrom. Dommersnes svarta at driftsoverskotet skal sikra oppbygging av disposisjonsfond, men at kommunestyret uansett kan endra dette reglementet på kort varsel.

Per Lerøy (Ap) sa at 1,75 prosent som driftsoverskot er eit statleg råd, Fylkesmannens råd er 3 prosent, men kommunestyret er suverene til å seia at i år kan me kjøra med 0 i driftsoverskot.

Kommunalsjef Odd Harald Dommersnes sa at det er tilrådeleg å bygga seg opp ein buffer, dersom det til dømes skal investerast i ny Nordliheimen eller liknande.

Morten Sognnes (H) støtta eit mål om 3 prosent driftsoverskot.

Per Lerøy (Ap) sa seg samd med at ein skal vera nøkterne med investeringane framover, og bygga opp fond, men det er viktig å ha med seg at det er kommunestyret som avgjer om det skal vera driftsoverskot på 0 prosent, 1,75 prosent, eller 3 prosent. Her er kommunestyret suverene.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 125/20 - 22.10.2020 - Vedtak:

Austrheim formannskap rår kommunestyret til å vedta økonomireglement for Austrheim kommune.

12.11.2020 KOMMUNESTYRET

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, orienterte om saka. Det er behov for å vedta eit oppdatert økonomireglement no.

Viste mellom anna til at kommunen framover må bygga seg opp eit disposisjonsfond, for å vera budd på svingingar i inntektene.

Det nye reglementet legg opp til å starta mykje tidlegare med arbeidet med økonomiplan og budsjett, alt frå februar månad. Ei anna endring er at det vert rapportert også etter 3. tertial, og at ein ikkje ventar til årsrekneskapan er klar etter nyttår.

Britt Skaalevik Lerøy (Ap) spurte om når det skal rapporterast internt månad for månad, og om dette

er fastsett. Kommunalsjef Dommersnes svara at dette er fastsett til andre tysdag i månaden.
Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 104/20 - 12.11.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek økonomireglement for Austrheim kommune.

105/20: Ny representant - felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt 2019-2023

Rådmannen sitt framlegg:

Valnemnda legg fram framlegg i møtet.

Aslak Bakke går opp frå vara og inn som fast medlem i felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt 2019-2023, medan Jan Hopland er ny som vara for Bakke.

12.11.2020 KOMMUNESTYRET

Ny representant - felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt 2019-2023 foreslått av: Ann Kristin Leirvåg

Aslak Bakke går opp frå vara og inn som fast medlem i felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt 2019-2023, medan Jan Hopland er ny som vara for Bakke.

Leiar i valnemnda Ann Kristin Leirvåg (Ap) orienterte om saka.

- Morten Sognnes kan ikkje vera medlem her, sidan han er medlem i formannskapet.

- Endringa er at Aslak Bakke går opp frå vara og inn som fast medlem i felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt 2019-2023, medan Jan Hopland er ny som vara for Bakke.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 105/20 - 12.11.2020 - Vedtak:

Aslak Bakke går opp frå vara og inn som fast medlem i felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt 2019-2023, medan Jan Hopland er ny som vara for Bakke.

106/20: Ny varaliste til formannskapet - Austrheim Sp

Rådmannen sitt framlegg:

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) har fast plass i formannskapet. Varalista er slik:

1. vara er Lise Renate Helle (Sp), 2. vara er Reidar Øksnes (Sp), 3. vara er Marita Bru (Bygdelista).

12.11.2020 KOMMUNESTYRET

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka.

Dette er ei endring etter at Marita Bru kom inn på fast plass i kommunestyret, med dette vedtaket erstattar ho Atle Utkilen i formannskapet.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 106/20 - 12.11.2020 - Vedtak:

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) har fast plass i formannskapet. Varalista er slik:

1. vara er Lise Renate Helle (Sp), 2. vara er Reidar Øksnes (Sp), 3. vara er Marita Bru (Bygdelista).

107/20: Stadfesting av smitteverntiltak innført av KKL

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek som forskrift dei tiltaka som Kommunal kriseleiing (KKL) har innført i dagens smittesituasjon. Tiltaka er tilnærma lik dei som er innførte i Bergen og dei næraste omegnskommunane, det største unntaket er at det er opna for 50 gjester i både gravferder og gudstenester.

12.11.2020 KOMMUNESTYRET

Varaordfører Inger Lise Brekke (H) spurte om det var naudsynt med tiltaket om maksimalt fem personar i private heimar.

Rådmann Liv Løvvik viste til at det var gitt eit frå sentralt hald råd om å ha mest mogleg like retningslinjer, og Austrheim har lagt seg opp mot det som gjeld i Bergen. Løvvik sa vidare at smittespreiinga ofte skjer i heimesituasjonar, der det ikkje blir brukt munnbind.

Ordfører Per Lerøy (Ap) sa at det var tilrådd å ha det likt med resten av regionen, og sa vidare at sjølv med desse tiltaka auka smiten, der både Viken og Vestland gjekk i raudt denne dagen.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at det er kjipt med strenge tiltak, men det er fornuftig å vera konservative. Det er tidsavgrensa kor lenge dette varer, og vidare er det viktig å ikkje ha for mange ulike reglar i regionen.

Ordfører Per Lerøy (Ap) sa at det er ein ny smitte i kommunen i dag, og ganske mange som er i karantene. Austrheim står no med 12 personar med Korona-smitte, men er nok over 20 sidan mange har vore registrerte i andre kommunar, men har vore isolerte i bustader i Austrheim kommune.

Det vart røysta over framlegget. Det vart vedteke mot ei røyst (Inger Lise Brekke, Høgre). Forskrifta vert sendt til Fylkesmannen for orientering.

KS - 107/20 - 12.11.2020 - Vedtak:

Kommunestyret vedtek som forskrift dei tiltaka som Kommunal kriseleiing (KKL) har innført i dagens smittesituasjon. Tiltaka er tilnærma lik dei som er innførte i Bergen og dei næraste omegnskommunane, det største unntaket er at det er opna for 50 gjester i både gravferder og gudstenester.

Forskrifta vert sendt til Fylkesmannen for orientering.



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 18.06.2020
Møtestad: Austrheim samfunnshus/Teams
Møtetid: 18:00 - 00:30

- 1. tertialrapport
- Økonomiplan

1. Koronapandemien, status. (ved Peter Kubon og Liv Løvvik)
 2. Sal av kommunale leilegheiter og kjøp av nye og meir robuste bueiningar. (ved Rolf-Henning Myrmel)
 3. Sal av kommunal buss og andre kommunale eigedommar. (ved Odd-Harald Dommersnes (buss), eigedommar Thomas Lindås)
 4. Kjøp av leilegheiter i Sætremarka burettslag. (ved Thomas Lindås/Monika Kvamme)
 5. Status kaiar og båthamner på Mastrevik, Hopland, Solend og Baløy. (ved Rolf-Henning Myrmel/Thomas Lindås)
 6. Bruk av ekstraordinære vedlikehaldsmidlar (1,1 MNOK). (ved Rolf Henning Myrmel)
 7. Status VA-prosjekt. (ved Rolf Henning Myrmel)
 8. Status tilsetjingar i kommunen (lege, psykolog, rektor, ppt-leiar, studieinspektør osv.). (ved Bjørnar Fjellhaug/Monika Kvamme, evt. fleire)
 9. Status organisasjonsprosjektet i kommunen. (ved Ole Georg Hoaas)
 10. Status forlenging av gang og sykkelveg på Fonnes (ved Varde-brua). (ved Rolf Henning Myrmel)
 11. Miljøfyrtårn, status på prosjektet. (ved Odd-Harald Dommersnes)
- Sjå også under meldingar.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem

Reidar Øksnes	SP	Medlem
Lise Renate Helle	SP	Medlem
Marita Terese Bru	BIA	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Ann Kristin Leirvåg	AP
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP
Helge Dyrkolbotn	KRF
Morten Sognnes	H
Reidar Ulvøy	AP

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Idar Johan Hopland	AP	Varamedlem
Anette Kaland	AP	Varamedlem
Hege Ramsland	H	Varamedlem
Gro Kaland	SP	Varamedlem

Desse møtte frå administrasjonen:

Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Liv Løvvik, Monika Kvamme, Odd Harald Dommersnes, Rolf-Henning Myrmel, Thomas Lindås

Austrheim 25. juni 2020

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
059/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
060/20	Godkjenning av møteprotokoll
061/20	Meldingar
061/20.1	Høyring og offentlig ettersyn - utviklingsplan for Vestland 2020-2024
061/20.2	Årsrapport frå Visit Bergen - prosjekt Region Bergen
061/20.3	Invitasjon til å kome med høyringsinnspel til planprogrammet for Regional transportplan 2022 - 2033 for Vestland - innspel til uttale frå Regionrådet
061/20.4	Innkalling til representantskapsmøte 09.06.2020 - NGIR
061/20.5	Melding til kommunestyret, status verbalpunkt frå budsjettmøtet 12.12.19
062/20	Orienteringssak
063/20	Budsjettjustering etter tertial 1 - 2020
064/20	Rullering av økonomiplan 2021-2024
065/20	Tertialrapport I 2020
066/20	TV-aksjonen 2020 - oppretting av kommunekomiteé
067/20	Val av meddommarar
068/20	Forlenging av sals- og skjenkeløyve
069/20	Oppfølging av forvaltningsrapport spesialundervisning og PPT
070/20	Retningslinjer for avhending av kommunale eigedommar
071/20	Revidert selskapsavtale for Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS
072/20	Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Austrheim kommune
073/20	Forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune
004/20	Ny protokoll med tillitsvalde med tanke på utlandsreiser under Korona-perioden

059/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

(Marita Bru, Bygdelista, deltok i møtet via Teams)

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

KS - 059/20 - 18.06.2020 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent

060/20: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 060/20 - 18.06.2020 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

061/20: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

Skatteoppkrevjar Bjarne Ve Sæbø tok ein gjennomgang av reglane for startlån, som er for dei som ikkje får lån i vanleg bank, med prioritering av barnefamiljar/ dei med helseutfordringar. Når det gjeld tap, så er kommunen til sist ansvarleg for dei siste 25 prosent av tapet. Resten er ordna via tapsfondet til Husbanken.

Marita Bru (Bygdelista) spurte om kan få startlån for å unngå å mista huset. Bjarne svara at ein kan refinansiera banklån med startlån, og gje lang nedbetalingstid og periodar utan avdrag.

Ordførar Per Lerøy viste til at Husbanken reknar med 0,008 tap på sine startlån.

Monika Thorpe (Ap) spurte om kven som handsamar og evt. gjev avslag på startlån, er det kommunen eller Husbanken? Bjarne Sæbø svara at det er kommunen som sakshandsamar på Husbanken sine reglar.

Aslak Bakke (H) spurte om ordninga er mykje brukt. Sæbø svara at det er den, men sidan Austrheim er på Robek-lista er det avgrensa kor mykje ein kan låna av Husbanken.

Inger Lise Brekke (H) om det er mange som får nei på grunn av at det no er tomt for pengar. Sæbø svara at det er ulike grunnar for avslag, ikkje berre at det no er tomt for pengar.

Skatteoppkrevjar Bjarne Sæbø viste presentasjon over moglege skatteinntekter ved nytilflyttingar (ligg ved).

Aslak Bakke (H) spurte om kommunen er flink nok til å leggja til rette for nyetableringar av bedrifter. Er betre tilrettelagt i Alver-sida på Mongstad, med vatn med meir. Oppfordra til å satsa meir på næringsutvikling i kommunen.

Rådmann Liv Løvvik sa at det ikkje berre er det at innbyggjarar skal komma, men må skapa eit miljø for at dei skal bli også.

Marita Bru (Bygdelista) sa at ein må tenkja på å vidareutvikla det ein har, kva profil skal kommunen ha. Tenkja heilskapleg med miljøprofil og korleis ein skal framstå.

Aslak Bakke (H) sa at han er samd i miljøprofil, men må dra med seg lokale leverandørar og selja inn dette.

Rådmann Løvvik viste til at Os kommune lukkast med å stilla med nøkkelferdige kontor.

Utfordringa for Austrheim er at ein må selja for 20 millionar for å bygga opp disposisjonsfond, før ein brukar midlar. Ligg til rette for å bruka naturen, men bruka med fornuft.

Per Lerøy viste til at ein i Sløvåg har lukkast med å sitja fleire bedrifter saman, og har utvikla gode næringsidear.

Aslak Bakke (H) spurte om sjukemeldingstal.

Kommunalsjef Odd Harald Dommersnes svara at ein skal rapportera på dette til kommunestyret framover. Ser så langt at skulane har veldig lågt sjukefråvær.

Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug svara Marita Bru (Bygdelista) på spørsmål om barnehage (spørsmål og svar ligg ved møteboka).

Rådmann Liv Løvvik svara Marita Bru (Bygdelista) på spørsmål om utvalsmodell, og sa at administrasjonen ikkje har sett på dette enno. Kan eventuelt vera mest aktuelt for planfeltet. (Spørsmål ligg ved møteboka).

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til Opprop om vindkraft, eit innspel som kom denne veka kommunestyret var. Lerøy sa at det er viktig at kommunane må bli høyrte i desse sakene, ein ser at mellom anna Gulen og Tysvær er opprørt over korleis dei vert handsama. Fleire kommunar seier at dei ikkje vil ha dette tredd nedover hovudet. Folk reagerer på at ein seier nei lokalt, men så kjem det vindkraft likevel.

Riktig å gje denne støtta til nabokommunane våre Alver og Gulen.

Marita Bru (Bygdelista) sa at Alver har ikkje vedtak på dette med vindkraft, men dei tre tidlegare kommunane i Alver har vedtak på dette frå før samanslåinga. Synest at Austrheim godt kan støtta

naboane tydelegare på dette.
Semje i kommunestyret om å støtta oppropet.

Handsaming i kommunestyret:
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 061/20 - 18.06.2020 - Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

061/20.1: Høyring og offentleg ettersyn - utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Rådmannen sitt framlegg:

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i utvalet:
Støtte til framlegget (felles frå Ap/H).

KS - 061/20.1 - 18.06.2020 - Vedtak:

061/20.1 Høyring og offentleg ettersyn - utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Austrheim kommunestyre har følgjande kommentarar til Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024 Regional planstrategi:

Innhaldet i dokumentet er både godt og relevant, men me ber om at fylkeskommunen tek inn over seg den økonomiske stoda som både fylkeskommunen og dei fleste kommunane i fylket er i. Det må ikkje lagast eit omfattande og rigid fylkeskommunalt planverket. Fylkeskommunen må ikkje ta på seg rolla som overkommune og leggja hindringar i vegen for kommunar i fylket som ønskjer å leggja til rette for utvikling og vekst. Kommunane bør gjennom sine kommune- og arealplanar, sjølv i størst mogeleg grad få bestemma kvar dei vil ha areal for bustadar og land- og sjøbaserte næringar.

Fylkeskommunen bør i den økonomiske situasjonen ein er i, fokusera sterkt på å leggja til rette dei tenestene fylkeskommunen har ansvaret for, på ein slik måte at dei støttar opp under utviklingsarbeidet til kommunane i fylket. Dette kan fylkeskommunen gjera ved at ein prioriterer vedlikehald av fylkeskommunale vegar, rassikringstiltak, gode vidaregåande skular også i distrikta, desentraliserte tannhelsetenester og tenleg kollektivtransport.

061/20.2: Årsrapport frå Visit Bergen - prosjekt Region Bergen

Rådmannen sitt framlegg:

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

KS - 061/20.2 - 18.06.2020 - Vedtak:

061/20.3: Invitasjon til å kome med høyringsinnspel til planprogrammet for Regional transportplan 2022 - 2033 for Vestland - innspel til uttale frå Regionrådet

Rådmannen sitt framlegg:

061/20.3 Invitasjon til å kome med høyringsinnspel til planprogrammet for Regional transportplan 2022 - 2033 for Vestland - innspel til uttale frå Regionrådet

Uttale frå kommunestyret i Austrheim:

Fylkesvegane i Vestland fylke er i stor grad prega av eit alt for stort vedlikehaldsetterslep. Alt må derfor setjast inn på å henta inn att etterslepet på vedlikehaldssida både på vegane, bruene og tunnelane i fylket.

Det har tidlegare vist seg at ein får svært mykje att for pengane ved å satsa på punktutbetringar på fylkesvegane. Slike tiltak må prioriterast høgt, særleg på stader der dette kan betra trafikktryggleiken. Å gje alle born ein trygg og sikker skuleveg må vera eit overordna mål for fylkeskommunen.

Ved bygging av nye fylkesvegar eller ved utbetringar av eksisterande vegar, må det leggjast avgjerande vekt på at ein skal få mest mogeleg trafiksikker veg att for pengane. Ein må heile tida tenkje kva er godt nok.

Me ønskjer at flest mogeleg skal reisa kollektivt i fylket. For å lukkast med dette må me skapa eit effektivt og rimeleg kollektivsystem. Fylket er stort og dei ulike distrikta vil ha ulike behov. Dette må reflekterast i regelverket for drift av kollektivtransport. I Nordhordland til dømes, må det vera slik at det skal vera korrespondanse mellom distriktsbussar og bybussar i Knarvik. Dette må skje sjølv om det frå tid til annan vil medføra noko venting. Det same gjeld korrespondanse mellom ferjer og distriktsbussar. Her må det vera direkte kommunikasjon mellom bussane og ferjene slik at ein oppnår best mogeleg service for dei kollektivreisande. Betalingssystemet må utformast slik at det kan nyttast på alle typar transportmiddel i fylket, det vil seie båt, bane(tog) og buss. Dette må også gjelda månadskort.

Skulerutene må gjerast meir effektive og ein må sikra god og effektiv elevtransport til alle dei vidaregåande skulane i fylket. I dag er det for mange elevar som vel å køyra eigen bil til og frå

skulane, og dette er ei utfordring både for trafikktryggleiken og miljøet.

Det er kollektivruter i fylket som har svært dårleg passasjergrunnlag. Fylkeskommunen må kritisk vurdera om ein skal oppretthalda ruter med låge passasjertal, eller om ein kan finna betre alternative transportløyningar. Her må både kostnadar og miljøaspektet takast med i vurderingane.

Det er etablert ein sonestruktur i tidlegare Hordaland som gjer det mogeleg og enkelt å reisa med buss i dette området. Denne soneplanen må gjerast gjeldande for heile Vestland fylke og samstundes må det lagast ei tilsvarande løysing for båtreiser. Ein må etablerast ein samordna prisstruktur og det må vera mogeleg å kjøpa båtbillett i heile fylket med mobilappen.

Konkrete prosjekt som bør prioriterast:

Ny Alversund bru. Eksisterande Alversund bru er ikkje lenger ei leveleg løysing for regionen.

Traseen er tung trafikkert, ligg midt i eit bustadområde og tener som skuleveg for mange grunnskuleborn. Alver kommune er i ekspansjon og må ha infrastruktur som er berekraftig sett i lys av dette. RV 565 over Radøy er også gjennomfartsveg for både Austrheim og Fedje kommunar. Tilstanden på Alversund bru set grenser og hemmar næringsutvikling i området.

Vidare meiner kommunestyret i Austrheim at FV 568 frå Rundkøyvinga på Austrheim mot Sævrøy bør utbetrast. Vegen går gjennom bustadområde, er smal og uoversiktleg med mange avkøyvingar. Ferjestrekningar er ekstra utsett for høg hastighet, ofte grunna tids problem. Vegen er skuleveg og born kryssar denne når dei tek buss. All trafikk til Fedje går langs strekninga. Dagens løysing er ikkje god nok lenger.

061/20.3 Invitasjon til å kome med høyringsinnspel til planprogrammet for Regional transportplan 2022 - 2033 for Vestland - innspel til uttale frå Regionrådet

Uttale frå kommunestyret i Austrheim:

Fylkesvegane i Vestland fylke er i stor grad prega av eit alt for stort vedlikehaldsetterslep. Alt må derfor setjast inn på å henta inn att etterslepet på vedlikehaldssida både på vegane, bruene og tunnelane i fylket.

Det har tidlegare vist seg at ein får svært mykje att for pengane ved å satsa på punktutbetringar på fylkesvegane. Slike tiltak må prioriterast høgt, særleg på stader der dette kan betra trafikktryggleiken. Å gje alle born ein trygg og sikker skuleveg må vera eit overordna mål for fylkeskommunen.

Ved bygging av nye fylkesvegar eller ved utbetringar av eksisterande vegar, må det leggjast avgjerande vekt på at ein skal få mest mogeleg trafikkisikker veg att for pengane. Ein må heile tida tenkje kva er godt nok.

Me ønskjer at flest mogeleg skal reisa kollektivt i fylket. For å lukkast med dette må me skapa eit effektivt og rimeleg kollektivsystem. Fylket er stort og dei ulike distrikta vil ha ulike behov. Dette må reflekterast i regelverket for drift av kollektivtransport. I Nordhordland til dømes, må det vera slik at det skal vera korrespondanse mellom distriktsbussar og bybussar i Knarvik. Dette må skje sjølv om det frå tid til annan vil medføra noko venting. Det same gjeld korrespondanse mellom ferjer og distriktsbussar. Her må det vera direkte kommunikasjon mellom bussane og ferjene slik at ein oppnår best mogeleg service for dei kollektivreisande. Betalingssystemet må utformast slik at det kan nyttast på alle typar transportmiddel i fylket, det vil seie båt, bane(tog) og buss. Dette må også gjelda månadskort.

Skulerutene må gjerast meir effektive og ein må sikra god og effektiv elevtransport til alle dei vidaregåande skulane i fylket. I dag er det for mange elevar som vel å køyra eigen bil til og frå skulane, og dette er ei utfordring både for trafikktryggleiken og miljøet.

Bussruter med dårleg passasjer-belegg bør ein vurdera å erstatta med bussruter med bestillingsordning, tilsvarande Odda-ordninga "Hent meg".

Det er etablert ein sonestruktur i tidlegare Hordaland som gjer det mogeleg og enkelt å reisa med buss i dette området. Denne soneplanen må gjerast gjeldande for heile Vestland fylke og

samstundes må det lagast ei tilsvarande løysing for båtreiser. Ein må etablerast ein samordna prisstruktur og det må vera mogeleg å kjøpa båtbillett i heile fylket med mobilappen.

Konkrete prosjekt som bør prioriterast:

Ny Alversund bru. Eksisterande Alversund bru er ikkje lenger ei leveleg løysing for regionen.

Traseen er tung trafikkert, ligg midt i eit bustadområde og tener som skuleveg for mange grunnskuleborn. Alver kommune er i ekspansjon og må ha infrastruktur som er berekraftig sett i lys av dette. RV 565 over Radøy er også gjennomfartsveg for både Austrheim og Fedje kommunar. Tilstanden på Alversund bru set grenser og hemmar næringsutvikling i området.

Vidare meiner kommunestyret i Austrheim at FV 568 frå Rundkøyninga på Austrheim mot Sævrøy bør utbetrast. Vegen går gjennom bustadområde, er smal og uoversiktleg med mange avkøyningar. Ferjestrekningar er ekstra utsett for høg hastighet, ofte grunna tids problem. Vegen er skuleveg og born kryssar denne når dei tek buss. All trafikk til Fedje går langs strekninga.

Dagens løysing er ikkje god nok lenger.

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

Fellesframlegg foreslått av:

061/20.3 Invitasjon til å kome med høyringsinnspel til planprogrammet for Regional transportplan 2022 - 2033 for Vestland - innspel til uttale frå Regionrådet

Uttale frå kommunestyret i Austrheim:

Fylkesvegane i Vestland fylke er i stor grad prega av eit alt for stort vedlikehaldsetterslep. Alt må derfor setjast inn på å henta inn att etterslepet på vedlikehaldssida både på vegane, bruene og tunnelane i fylket.

Det har tidlegare vist seg at ein får svært mykje att for pengane ved å satsa på punktutbetringar på fylkesvegane. Slike tiltak må prioriterast høgt, særleg på stader der dette kan betra trafikktryggleiken. Å gje alle born ein trygg og sikker skuleveg må vera eit overordna mål for fylkeskommunen.

Ved bygging av nye fylkesvegar eller ved utbetringar av eksisterande vegar, må det leggjast avgjerande vekt på at ein skal få mest mogeleg trafiksikker veg att for pengane. Ein må heile tida tenkje kva er godt nok.

Me ønskjer at flest mogeleg skal reisa kollektivt i fylket. For å lukkast med dette må me skapa eit effektivt og rimeleg kollektivsystem. Fylket er stort og dei ulike distrikta vil ha ulike behov. Dette må reflekterast i regelverket for drift av kollektivtransport. I Nordhordland til dømes, må det vera slik at det skal vera korrespondanse mellom distriktbussar og bybussar i Knarvik. Dette må skje sjølv om det frå tid til annan vil medføra noko venting. Det same gjeld korrespondanse mellom ferjer og distriktbussar. Her må det vera direkte kommunikasjon mellom bussane og ferjene slik at ein oppnår best mogeleg service for dei kollektivreisande. Betalingssystemet må utformast slik at det kan nyttast på alle typar transportmiddel i fylket, det vil seie båt, bane(tog) og buss. Dette må også gjelda månadskort.

Skulerutene må gjerast meir effektive og ein må sikra god og effektiv elevtransport til alle dei vidaregåande skulane i fylket. I dag er det for mange elevar som vel å køyra eigen bil til og frå skulane, og dette er ei utfordring både for trafikktryggleiken og miljøet.

Bussruter med dårleg passasjer-belegg bør ein vurdera å erstatta med bussruter med bestillingsordning, tilsvarande Odda-ordninga "Hent meg".

Det er etablert ein sonestruktur i tidlegare Hordaland som gjer det mogeleg og enkelt å reisa med buss i dette området. Denne soneplanen må gjerast gjeldande for heile Vestland fylke og samstundes må det lagast ei tilsvarande løysing for båtreiser. Ein må etablerast ein samordna prisstruktur og det må vera mogeleg å kjøpa båtbillett i heile fylket med mobilappen.

Konkrete prosjekt som bør prioriterast:

Ny Alversund bru. Eksisterande Alversund bru er ikkje lenger ei leveleg løysing for regionen.

Traseen er tung trafikkert, ligg midt i eit bustadområde og tener som skuleveg for mange grunnskuleborn. Alver kommune er i ekspansjon og må ha infrastruktur som er berekraftig sett i lys

av dette. RV 565 over Radøy er også gjennomfartsveg for både Austrheim og Fedje kommunar. Tilstanden på Alversund bru set grenser og hemmar næringsutvikling i området. Vidare meiner kommunestyret i Austrheim at FV 568 frå Rundkøyninga på Austrheim mot Sævrøy bør utbetrast. Veggen går gjennom bustadområde, er smal og uoversiktleg med mange avkøyningar. Ferjestrekningar er ekstra utsett for høg hastighet, ofte grunna tids problem. Veggen er skuleveg og born kryssar denne når dei tek buss. All trafikk til Fedje går langs strekninga. Dagens løysing er ikkje god nok lenger.

Framlegg frå Ap/H. foreslått av:

061/20.3 Invitasjon til å kome med høyringsinnspel til planprogrammet for Regional transportplan 2022 - 2033 for Vestland - innspel til uttale frå Regionrådet

Uttale frå kommunestyret i Austrheim:

Fylkesvegane i Vestland fylke er i stor grad prega av eit alt for stort vedlikehaldsetterslep. Alt må derfor setjast inn på å henta inn att etterslepet på vedlikehaldssida både på vegane, bruene og tunnelane i fylket.

Det har tidlegare vist seg at ein får svært mykje att for pengane ved å satsa på punktutbetringar på fylkesvegane. Slike tiltak må prioriterast høgt, særleg på stader der dette kan betra trafikktryggleiken. Å gje alle born ein trygg og sikker skuleveg må vera eit overordna mål for fylkeskommunen.

Ved bygging av nye fylkesvegar eller ved utbetringar av eksisterande vegar, må det leggast avgjerande vekt på at ein skal få mest mogeleg trafikkisikker veg att for pengane. Ein må heile tida tenkje kva er godt nok.

Me ønskjer at flest mogeleg skal reisa kollektivt i fylket. For å lukkast med dette må me skapa eit effektivt og rimeleg kollektivsystem. Fylket er stort og dei ulike distrikta vil ha ulike behov. Dette må reflekterast i regelverket for drift av kollektivtransport. I Nordhordland til dømes, må det vera slik at det skal vera korrespondanse mellom distriktbussar og bybussar i Knarvik. Dette må skje sjølv om det frå tid til annan vil medføra noko venting. Det same gjeld korrespondanse mellom ferjer og distriktbussar. Her må det vera direkte kommunikasjon mellom bussane og ferjene slik at ein oppnår best mogeleg service for dei kollektivreisande. Betalingssystemet må utformast slik at det kan nyttast på alle typar transportmiddel i fylket, det vil seie båt, bane(tog) og buss. Dette må også gjelda månadskort.

Skulerutene må gjerast meir effektive og ein må sikra god og effektiv elevtransport til alle dei vidaregåande skulane i fylket. I dag er det for mange elevar som vel å køyra eigen bil til og frå skulane, og dette er ei utfordring både for trafikktryggleiken og miljøet.

Det er kollektivruter i fylket som har svært dårleg passasjergrunnlag. Fylkeskommunen må kritisk vurdera om ein skal oppretthalda ruter med låge passasjertal, eller om ein kan finna betre alternative transportløysingar. Her må både kostnadar og miljøaspektet takast med i vurderingane.

Det er etablert ein sonestruktur i tidlegare Hordaland som gjer det mogeleg og enkelt å reisa med buss i dette området. Denne soneplanen må gjerast gjeldande for heile Vestland fylke og samstundes må det lagast ei tilsvarande løysing for båtreiser. Ein må etablerast ein samordna prisstruktur og det må vera mogeleg å kjøpa båtbillett i heile fylket med mobilappen.

Konkrete prosjekt som bør prioriterast:

Ny Alversund bru. Eksisterande Alversund bru er ikkje lenger ei leveleg løysing for regionen.

Traseen er tung trafikkert, ligg midt i eit bustadområde og tener som skuleveg for mange grunnskuleborn. Alver kommune er i ekspansjon og må ha infrastruktur som er berekraftig sett i lys av dette. RV 565 over Radøy er også gjennomfartsveg for både Austrheim og Fedje kommunar. Tilstanden på Alversund bru set grenser og hemmar næringsutvikling i området.

Vidare meiner kommunestyret i Austrheim at FV 568 frå Rundkøyninga på Austrheim mot Sævrøy bør utbetrast. Veggen går gjennom bustadområde, er smal og uoversiktleg med mange avkøyningar. Ferjestrekningar er ekstra utsett for høg hastighet, ofte grunna tids problem. Veggen er skuleveg og born kryssar denne når dei tek buss. All trafikk til Fedje går langs strekninga. Dagens løysing er ikkje god nok lenger.

Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om dette framlegget til uttale, frå Ap/H, var lagt fram før møtet eller i møtet.

Ordførar Per Lerøy (Ap) svara at framlegget til uttale er lagt fram direkte i møtet, men at dei andre partia kunne ha komme med sine uttalar.

Reidar Øksnes sa at det er litt ugreitt at denne saka ikkje var meldt opp som vedtakssak men som meldingssak.

(Kommunestyret tok pause for å lesa framlegget som var delt ut til møtet)

Reidar Øksnes (Sp) ba om at kommunestyret stryk eit avsnitt, det som startar med «det er kollektivruter».

Per Lerøy svara at det kan skrivast om, men ikkje strykast. Det går massevis av ruter utan passasjerar, og sjåførane irriterer seg over tomkjøring. Sjåførane ber om at ein heller ser til Odda og deira ordning med «Hent meg», der ein kan ringa og be om at bussen kjem. Då slepp ein at ein buss med 50 seter kjører utan passasjerar. Dette avsnittet er viktig for å visa at det må vera eit tilbod som er tilpassa det trafikkgrunnlaget som faktisk er der. Dette gjeld også i Bergen, også der er det kjøring utan passasjerar.

Aslak Bakke (H) ba om at ein tar med at kommunane bør få påverka dette i større grad.

Odd Dommersnes orienterte om korleis Skyss har organisert dette i Odda- området, der ein på tider av døgnet med lite trafikk kan bestilla seg skyss heller enn at bussane går i rute med lite passasjerar. Det er dyrt å kjøra bussar med 50 seter, og billegare med minibuss eller maxi-taxi.

Marita Bru sa at ein skulle hatt betre tid på dette framlegget. Støttar ei omskriving, har sjølv i Bygdelista lansert at ein bestiller buss via app, som kan vera betre også for ungdommar som kan komma seg trygt heim på kveld eller helg.

Reidar Øksnes (Sp) ba om at ein stryk dette punktet og heller skriv eit nytt punkt om ringerute etter Odda-modellen. Øksnes spurte vidare om kva som skjer med buss til hurtigbåtkaien på Vardetangen.

Ordførar Per Lerøy svara at det gjekk buss til hurtigbåten, men den vart ikkje brukt. Mogleg det kom av at det var for dyrt med buss og båt, måtte hatt ei samordning av billettprisane. No er bussprisen nede i 19/39 kroner er det heilt uaktuelt for folk å ta hurtigbåten frå Vardetangen inn til Bergen. Her må ein samordna prisen på buss og båt.

Aslak Bakke (H) sa at dersom ein skal komma nokon veg med tilpassing av bussrutene må kommunen samarbeida med Alver. Trur ikkje me vert høyrte så mykje på det me kjem med.

Gro Kaland (Sp) sa at det er ganske god dekning på kvardagar for å komma seg til/frå Bergen, men laurdag går siste bussen heim klokka 16.00. Med eit litt betre rutetilbod kunne kanskje ein del klart seg utan bil.

Ordførar Per Lerøy sa at ein har jobba lenge med buss til Austrheim på laurdag kveld, og jobba saman heile regionen, men har ikkje fått det til. Etter diskusjonen vart det ei omskriving av punktet om «det er kollektivruter».

Samrøystes for nytt framlegg.

KS - 061/20.3 - 18.06.2020 - Vedtak:

061/20.3 Invitasjon til å kome med høyringsinnspel til planprogrammet for Regional transportplan 2022 - 2033 for Vestland - innspel til uttale frå Regionrådet

Uttale frå kommunestyret i Austrheim:

Fylkesvegane i Vestland fylke er i stor grad prega av eit alt for stort vedlikehaldsetterslep. Alt må derfor setjast inn på å henta inn att etterslepet på vedlikehaldssida både på vegane, bruene og tunnelane i fylket.

Det har tidlegare vist seg at ein får svært mykje att for pengane ved å satsa på punktutbetringar på fylkesvegane. Slike tiltak må prioriterast høgt, særleg på stader der dette kan betra trafikktryggleiken. Å gje alle born ein trygg og sikker skuleveg må vera eit overordna mål for fylkeskommunen.

Ved bygging av nye fylkesvegar eller ved utbetringar av eksisterande vegar, må det leggast avgjerande vekt på at ein skal få mest mogeleg trafikkisikker veg att for pengane. Ein må heile tida

tenkje kva er godt nok.

Me ønskjer at flest mogeleg skal reisa kollektivt i fylket. For å lukkast med dette må me skapa eit effektivt og rimeleg kollektivsystem. Fylket er stort og dei ulike distrikta vil ha ulike behov. Dette må reflekterast i regelverket for drift av kollektivtransport. I Nordhordland til dømes, må det vera slik at det skal vera korrespondanse mellom distriktsbussar og bybussar i Knarvik. Dette må skje sjølv om det frå tid til annan vil medføra noko venting. Det same gjeld korrespondanse mellom ferjer og distriktsbussar. Her må det vera direkte kommunikasjon mellom bussane og ferjene slik at ein oppnår best mogeleg service for dei kollektivreisande. Betalingssystemet må utformast slik at det kan nyttast på alle typar transportmiddel i fylket, det vil seie båt, bane(tog) og buss. Dette må også gjelda månadskort.

Skulerutene må gjerast meir effektive og ein må sikra god og effektiv elevtransport til alle dei vidaregåande skulane i fylket. I dag er det for mange elevar som vel å køyra eigen bil til og frå skulane, og dette er ei utfordring både for trafikktryggleiken og miljøet.

Det er kollektivruter i fylket som har svært dårleg passasjergrunnlag. Bussruter med dårleg passasjer-belegg bør ein vurderer å erstatta med bussruter med bestillingsordning, tilsvarande Odda-ordninga "Hent meg".

Det er etablert ein sonestruktur i tidlegare Hordaland som gjer det mogeleg og enkelt å reisa med buss i dette området. Denne soneplanen må gjerast gjeldande for heile Vestland fylke og samstundes må det lagast ei tilsvarande løysing for båtreiser. Ein må etablerast ein samordna prisstruktur og det må vera mogeleg å kjøpa båtbillett i heile fylket med mobilappen.

Konkrete prosjekt som bør prioriterast:

Ny Alversund bru. Eksisterande Alversund bru er ikkje lenger ei leveleg løysing for regionen.

Traseen er tung trafikkert, ligg midt i eit bustadområde og tener som skuleveg for mange grunnskuleborn. Alver kommune er i ekspansjon og må ha infrastruktur som er berekraftig sett i lys av dette. RV 565 over Radøy er også gjennomfartsveg for både Austrheim og Fedje kommunar.

Tilstanden på Alversund bru set grenser og hemmar næringsutvikling i området.

Vidare meiner kommunestyret i Austrheim at FV 568 frå Rundkøyvinga på Austrheim mot Sævrøy bør utbetrast. Vegen går gjennom bustadområde, er smal og uoversiktleg med mange avkøyvingar. Ferjestrekningar er ekstra utsett for høg hastighet, ofte grunna tids problem. Vegen er skuleveg og born kryssar denne når dei tek buss. All trafikk til Fedje går langs strekninga. Dagens løysing er ikkje god nok lenger.

061/20.4: Innkalling til representantskapsmøte 09.06.2020 - NGIR

Rådmannen sitt framlegg:

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

KS - 061/20.4 - 18.06.2020 - Vedtak:

061/20.5: Melding til kommunestyret, status verbalpunkt frå budsjettmøtet 12.12.19

Rådmannen sitt framlegg:

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

Gjennomgang av verbalpunkt frå kommunestyret 12.12.19.

Lista ligg i innkallinga, med kommentar på kva som er gjort/ikkje gjort under kvart punkt.

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Bjørnar Fjellhaug, gjekk gjennom dei punkta som høyrer til oppvekst og kultur.

Kommunalsjef helse og omsorg, Monika Kvamme, tok det som var for helse og omsorg.

Kommunalsjef service og forvaltning, Thomas Lindås, gjekk gjennom punkt 16/17/18/

Skatteoppkrevjar Bjarne Ve Sæbø tok punkt 19. Administrasjonen har starta kompetanseheving på innkjøp, og skal gå gjennom alle innkjøpsavtalar for å skjerpa desse. Skal følgja kommunestyret si føring om å handla lokalt, og vil ta med nærleik som utvalspunkt i utlysingar, men leverandørane må ha kapasitet og vera konkurransedyktige på pris.

Rådmann Liv Løvvik sa om dette at det er lite interkommunal interesse for å sjå på lokale innkjøp, så Austrheim startar dette på eigen kjøp.

KS - 061/20.5 - 18.06.2020 - Vedtak:

062/20: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

1. Koronapandemien, status. (ved Peter Kubon og Liv Løvvik)

Kommunelege Peter Kubon orienterte om status for Koronapandemien. – Det har ikkje vore smitte i regionen sidan 29. april 2020, det var i Alver kommune. Austrheim har beredskap klar i helse- og legeteneste for å møte eit behov for testing som kan komma i sommar. Om det skjer noko i ferien er det gitt fullmakter til å kalla inn personell. Det er også eit samarbeid interkommunalt.

Kommunelegen jobbar med tilsyn/retteleing for ulike bedrifter/bransjar, i tillegg til for gravferder, konfirmasjonar med meir.

Håpet er at det samla sett for butikk, reiser, servering med meir vert teke gode val, så kan denne situasjonen halda seg.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at han er imponert over det arbeidet som vert gjort.

2. Sal av kommunale leilegheiter og kjøp av nye og meir robuste bueiningar. (ved Rolf-Henning Myrmel)

Leiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, sa at kommunen er i ferd med å selja ei kjellarleilegheit, som del i arbeidet med å finansiera bustad for hard bruk. Har ei kommunal tomt på Årås ein ser på for plassering av ny bustad, men ingenting er bestemt. Skal sjå på kva som er tenleg, bustaden skal ikkje ligga avsides, med tanke på at hjelpeapparatet må kunna komma til.

Skal sjå på finansiering opp mot Husbanken sine ordningar.

3. Sal av kommunal buss og andre kommunale eigedommar. (ved Odd-Harald Dommersnes (buss), eigedommar Thomas Lindås)

Kommunalsjef økonomi og personal Odd Harald Dommersnes orienterte om sal av minibuss. ATS Norway tar seg av salet, det er største marknadsportalen for dette. Bussen er prisa til 489.000, den har tapt seg stort i verdi, den vart kjøpt for nesten 900.000 for tre år sidan.

Kommunalsjef service og forvaltning, Thomas Lindås, orienterte om sal av eigedommar. (Sjå liste som var presentert). Om summen på rundt 8 millionar i samla sal sa Lindås at det ikkje er alt som lar seg realisera i dag, men ser på om det er andre prosjekt som kan realiserast inn som del av i dette.

Aslak Bakke (H) spurte om rekkefølga er sett for sal av eigedommar.

Lindås svara at det er bustadareal Fonnes som vert selt først (er annonsert) deretter kan dette endra seg etter kvart som det går.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at ein også har næringsarealet på Mongstad på nesten 400 mål, som er under regulering. Når reguleringsarbeidet er gjort kan det gå på nokre veker å starta utbygging, om prosjektet er i henhold til reguleringsføremlå. Har også eit næringsområde Mongstad med lite rekkefølgekrav, det det er lett å få til ting. Her står ein evt. kjøpar ganske fritt for kva ein vil etablera.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om det går inflasjon i firemannsbustader.

Om dette sa Liv Løvvik at det er opp til utbygger å velja, og det kanskje fleire som klarer å kjøpa seg bustad med mindre einingar av denne typen.

4. Kjøp av leilegheiter i Sætre marka burettslag. (ved Thomas Lindås/Monika Kvamme)

Kommunalsjef service og forvaltning, Thomas Lindås, sa at kommunen etter statuttane ikkje kan kjøpa fleire leilegheiter i Sætre marka burettslag.

Rådmann Liv Løvvik sa at kommune evt. kan skaffa seg fleire leilegheiter og sikra bustad kanskje til dømes for unge uføre.

Marita Bru (Bygdelista) spurte om kva krav det er for å få kjøpa leilegheit i Sætre marka.

Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme svara at det er same reglar som tidlegare. Må mellom anna bu i kommunen. Om statuttane vert endra og kommunen kan kjøpa fleire leilegheiter, så kunne det opna for yngre bebuarar, og kanskje kunne nokon som bur i Vestlia flytta dit.

Per Lerøy (Ap) sa at om kommunen er tyngre inne på eigarsida er det mogleg å endra statuttane.

5. Status kaiar og båthamner på Mastrevik, Hopland, Solend og Baløy. (ved Rolf-Henning Myrmel/Thomas Lindås)

Kommunalsjef service og forvaltning, Thomas Lindås, sa at det ikkje er gjort noko nytt med kaien i Mastrevik no.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at dette med båthamn/kai i Mastrevik er ei sak som har gått lenge, der kommunen på 90-talet selde dampskipskai til Mastrevik Mek, medan det var oppsittjarane som eigde denne. Lerøy sa at han håpar kommunen landar denne saka på ein god måte. Dampskipskai vert elles brukt i dag til skuleruta.

Aslak Bakke (H) ba om ei oppdatering på kva som har skjedd i denne saka. Målet må vera å ordna opp, og at kommunen må sitja igjen med noko. Vil gjerne ha kort informasjon til alle om dette.

Leiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, sa at det vart laga eit skriv den gongen frå teknisk, der ein rådde frå sal av kaien, då ein meinte kommunen ikkje hadde rettar der. Det er brukt ganske mykje ressursar på å få ordning på dette. Kaien er regulert til offentleg føremål, og kan ikkje brukast til så mykje anna.

Thomas Lindås sa at ein jobbar for å komma til ei minneleg og god løysing.

For Hopland kai sa Thomas Lindås at ein må sjå på grensene. Arealet til bygdekaien finn ein ikkje dokumentasjonen på. Det offentlege arealet er dokumentert, det er om lag halvparten av arealet. For Solend kai sa ordførar Lerøy at Einar Synnevåg skal ha sendt søknad om støtte til opparbeiding og vedlikehald. Hardy Pedersen (Ap) la til at det er velforeining og båtlag som er saman om dette initiativet. Rolf Henning Myrmel svara at kommunen skal sjå på dette og ta kontakt.

Rådmann Liv Løvvik sa om dette at det er krevjande å finna midlar, for det er ikkje sett av store midlar framover til vedlikehald.

Ordførar Lerøy sa at det er OK å ikkje ha midlar, men ein må svara. Er heller ikkje store summar det er tale om, for at kaien er tilgjengeleg for folk flest.

Om Baløy kai sa Rolf Henning Myrmel sa at slippen/båtoppdraget skulle hatt støypt dekke. Dette er eit tiltak for båtar/ kajakk med meir. Har ikkje midlar på teknisk til å dekkja dette arbeidet. Må sjå på desse tilfella der båtföreiningar brukar areal der kommunen er grunneigar, er det rett at ei gruppe skal bruka kommunal eigedom utan vederlag.

Ordførar Lerøy viste til at Rongevær Båtföreining ønskjer å forskottera dette arbeidet og få det gjort no. Var sagt tidlegare at ein skulle ta av inntektene frå sal av naust der ute til å rusta opp kaiområdet, men det skjedde ikkje.

Rådmann Liv Løvvik sa at ein må ha gode planar for kva som det er viktigast å ta fatt på av ulike prosjekt.

Rikke Heldal Hope (H) sa at ein må oppfordra til å søka midlar andre stader, til dette sa Liv Løvvik at organisasjonar ofte må registrera seg i Brønnøysund for å kunna komma i posisjon for å søka om midlar.

Reidar Øksnes (Sp) sa at kommunale kaiar må vera trygge, og oppmoda til ein sjekk av rekkverket på den kommunale kaien på Øksnes. Oppfordra elles til god oppfølging av dei prosjekt ein startar opp.

6. Bruk av ekstraordinære vedlikehaldsmidlar (1,1 MNOK). (ved Rolf Henning Myrmel)

Leiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, sa at dette er arbeid som skal gjerast med eksterne tilsette. Midlane skal styrka tilsettinga, og det skal vera prosjekt som kan setjast i gang ganske raskt. Kommunen har fått inn pris på maling av to bustader ein tok over frå AS Austrheim næringssselskap, og har sett av 100.000 til dette arbeidet.

Det er sett av inntil 50.000 til toalettanlegg på Vardetangen.

Ser på vidareføring av arbeidet på Kaland skule, for å sikra universell utforming. Dette var på lista då ein stoppa arbeidet på Kaland skule.

Ser på eit evt. ekstra borehol på ventilasjon/varmeanlegg på Kaland for å kunna utvida dette anlegget og vidareføra ned i underetasjen.

Om dette spurte Britt Skålevik Lerøy (Ap) om vedlikehaldet Kaland er ekstraordinært. Rolf Henning Myrmel svara at dette er arbeid som det ikkje er sett av pengar til, i 2020 eller lengre framme.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette er arbeid som ikkje var planlagt, men som kan styrka sysselsettinga i regionen.

Britt Skålevik Lerøy (Ap) spurte om det var mogleg å bruka midlar til oppgradering av turløyper.

Rolf Henning Myrmel svara at administrasjonen skal oppdatera kommunestyret vidare om dette når ein får inn fleire prisar, skal sjå på dette med turstiar også.

Gro Kaland (Sp) sa at det er bra at ein held fram med arbeidet på Kaland skule, arbeidet trengst.

7. Status VA-prosjekt. (ved Rolf Henning Myrmel)

Leiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, sa at anbodspapira for Vardetangen-Utkilen er ute, med frist 6. juli. Arbeidet skal ut på anbod i løpet av sommaren, og ein ser for seg at å inngå kontrakt tidleg i august, og komma i gang ganske raskt. Skal også ha vassleidning vidare til Mastrevik. Jobbar med etablering av elektroniske målarar rundt om, det er eit godt hjelpemiddel for å ha oversikt over forbruket.

Prosjektet med vassleidning Mongstadkrysset- Leirvågkrysset, dette skal prosjekterast slik at ein har V/A med når ein kjem i gang med rundkjøring i Leirvågkrysset.

Er i dialog med Alver kommune om kva som skjer i åra framover, med tanke på at ein ringvassleidning mellom Radøy og nordre Lindås som også kan gje ei reservevassløyse i Austrheim. Reservevatn lokalt er av dårleg kvalitet, og må sjå på pris for reinsing av vatn henta

lokalt eller henta frå Alver. Myrmel sa at administrasjonen skal orientera kommunestyret vidare på dette.

Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om meldinga som har gått ut om å spara på vatnet.

Rolf Henning Myrmel svara at dette er eit problem i helgene. Har ikkje stor nok kapasitet i helgene når det er mange på hyttene og det er fylling av basseng og spyling. Austrheim har rett til å ta ut mykje vatn frå Alver, men har ikkje overføringskapasitet til å få det ut til abonnentane.

Marita Bru (Bygdelista) spurte om kva som er av lokale kjelder for reservevatn.

Myrmel svara at dette er Rasmusvatnet og Langevatnet, men det vart stengt pga. oppblomstring av algar. Ser ikkje at dette er gode løysingar lokalt sjølv med reinsing. Det vert utfordrande og kostnadskrevjande, Austrheim har eigentleg ikkje gode løysingar lokalt.

Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om framdrift på arbeidet med avlaup.

Myrmel svara at ein etter ferien skal skifta ut pumpestasjonen i Åråsvågen, dette arbeidet skal ut på anbod. Har mange prosjekt som går på ein gong no.

Rådmann Liv Løvvik viste til at for vassavtalen ønskjer Alver å seia opp denne. Om dette vert sett som vilkår for å komma med på reservevassløysinga, så må Austrheim sjå på alle moglegheiter. Kan ikkje betala forbrukarpris for vatnet inn, når ein har sitt eige distribusjonsnett i tillegg.

Per sa at med eit godt nok tilbod så kan ein vurdere vassavtalen, men den er i utgangspunktet evigvarande.

8. Status tilsetjingar i kommunen (lege, psykolog, rektor, ppt-leiar, studieinspektør osv.). (ved Bjørnar Fjellhaug/Monika Kvamme, evt. fleire)

Kommunalsjef kultur og oppvekst, Bjørnar Fjellhaug, sa at for rektor Kaland og leiar PPT er ein i gang med tilsetjing, og ventar tilsetjing før sommaren. Studieinspektør på Kaland ventar ein med, til ein har landa skulestruktur framover.

Kommunalsjef helse og omsorg, Monika Kvamme, sa at kommunen er i gang med å tilsetta lege, og skal i gang med å tilsetta psykolog. Fekk tre søkarar som lege, to til psykolog. Skal i gang med arbeidet med heiltidskultur i helse og omsorg. Jobbar med ergoterapeut saman med Fedje kommune. Tar inn fire TAF-lærlingar, har gjennomført intervju på desse no. Har vore med på TAF-ordninga i 10-11 år, og har gode resultat for dei som tar fagprøven.

Kokk er tilsett i den stillinga som var utlyst.

Inger Lise Brekke (H) spurte om det vert jobba med å få tilsett ein kvinneleg lege, slik det var diskutert under handsaminga av denne saka i formannskapet. Spurte også om samarbeid med Fedje. Monika Kvamme svara at Austrheim skal i gang med legesamarbeid med Fedje. For tilsetjing av lege tilsetter ein den best kvalifiserte.

Ordførar Per Lerøy spurte om søkarliste for legestillinga. Rådmann Liv Løvvik viste til at tilsettinga ikkje er avslutta, men ein har kvalifiserte søkarar til stillinga.

9. Status organisasjonsprosjektet i kommunen. (ved Ole Georg Hoaas)

Ole Georg Hoaas heldt ein presentasjon om prosjektet (denne ligg ved møteboka). - Prosjektet er i ein tidleg fase, der ein skiljer mellom roller/prinsipp og personar. Først i desember kjem ein til det punktet at ein skal sjå på personane oppi dette.

Rådmann Liv Løvvik sa at det er viktig å sjå organisasjonen samla, for å bruka midlane til det beste for brukarane. Det må vera samhandling på tvers i organisasjonen.

Britt Skålevik Lerøy (Ap) spurte kven som er styringsgruppe for arbeidet.

Ole Georg Hoaas svara Britt Skålevik Lerøy (Ap): Det er rådmannens leiargruppe, med tillitsvalde, som er styringsgruppe for arbeidet. Når det gjeld organisering, er det rådmannen som har det siste ordet.

Inger Lise Brekke (H) spurte om det vert auka lønsutgifter om tilsette skal ha nye stillingskodar i ny organisasjon.

Liv Løvvik svara at dette må ein løysa innanfor rammene. Det som er klart er at ingen får jobba berre med leiing, også leiarar skal driva med sakshandsaming. Det er ikkje mål om å utvida staben, men prøva å bruka ressursane på ein smartare måte. Jobbar også med dei tiltaka ein må gjera for å sikra finansieringa.

Inger Lise Brekke (H) spurte om nye stillingar først vert lyst ut internt, før det vert lyst ut eksternt.

Om dette sa Ole G at det kan vera enkelte stillingar der ein treng ekstern kompetanse. Må jobba for

å få handlingsrom til å lysa ut desse.

Liv Løvvik sa at det må gjerast vurderingar av kompetansebehov for å sjå kva ein treng i organisasjonen. Først må ein teikna kart over kva organisasjonen treng, og noko kan ein løysa internt. Austrheim kommune har mykje kompetanse internt, men når ein skal bygga framtidens organisasjon ser ikkje Hoaas vekk frå at det trengst ny kompetanse.

10. Status forlenging av gang og sykkelveg på Fønnes (ved Varde-brua). (ved Rolf Henning Myrmel)

Leiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, sa at kommunen ser på ei løysing der ein bygger gang/sykkelveg som landbruksveg, for å gje veg fram for fleire bustader. Grunneigar stiller stein til disposisjon, og det er låge kostnader, men kommunen har ikkje midlar til dette i dag. Sidan arbeidet ikkje er i samsvar med reguleringsplan og trafikksikringsplan er det vanskeleg å få midlar frå fylket, men kommunen vil jobba vidare med dette for å sjå om ein kan finna finansiering. Dette kan få fem bustader til inn på gangsvogsystemet på Fønnes.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at Vestland fylke forlenga søknadsfristen for trafikksikringsmidlar til 15.07.20 på grunn av at det er få som har søkt. Kommunen må søka, og gjerne ta kontakt med sakshandsamar.

11. Miljøfyrtårn, status på prosjektet. (ved Odd-Harald Dommersnes)

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd-Harald Dommersnes, orienterte om kva det inneber å sertifisera kommunen som miljøfyrtårn (sjå presentasjonen som ligg ved).

Dommersnes viste til at det er ein omfattande jobb som må gjerast med dette. Om Austrheim startar arbeidet i år, er det 100.000 kroner i utgift i 2020. Men det er mogleg å spara ein del på å vera sertifisert som Miljøfyrtårn, mellom anna med lågare rente på grøne lån. Har elles søkt om 100.000 kroner frå Vestland fylkeskommune.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette er ein del av tilpassinga til Nordhordland biosfæreområde.

Anne Dahle Austrheim, (KrF) sa at det er ei investering i framdrifta, men at det ikkje kan først i investeringsrekneskapan.

Rådmann Løvvik sa at dette også handlar om at kommunen ønskjer å vera attraktiv.

Odd Harald Dommersnes sa at erfaringa frå Skyss er elektriske bussar gjer at fleire ønskjer å reisa kollektivt. Det må jobbast på mange frontar samstundes, mellom anna med å bytja å stilla krav til leverandørane.

Reidar Øksnes (Sp) ba om kommunen er tidleg ute og informerer dagens leverandørar om dette.

Dommersnes svara at det er mykje av kjøp som må gjerast betre, er ikkje i tråd med lovar og reglar slik det er i dag.

Andre orienteringar:

Inger Lise Brekke (H) etterlyste om det er eit avvikssystem på plass i organisasjonen, og om dette er i bruk. Dommersnes svara at systemet er godt, men det er lite i bruk.

Rådmann Løvvik svara at det er enkelte som er flinke til å bruka avvikssystemet, andre brukar det lite og vil heller levera på papir. Dette må løftast slik at alle er digitale.

Inger Lise Brekke (H) sa at avvikssystem, kontinuerleg forbetring og vernerunde heng saman. Må få fram kva som fungerer og ikkje fungerer.

Dommersnes sa at leverandøren Compilo skal visa avdelingsleiarane korleis det skal brukast, og så skal det informerast nedover i rekkene.

KS - 062/20 - 18.06.2020 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

063/20: Budsjettjustering etter tertial 1 - 2020

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande justeringar etter tertialrapportering I - 2020.

Budsjettjustering 1 - 2020						
Ansv.	Konto	Kontotekst:	Økning utg.	Red. utgift	Økning innt.	Red. innt.
		DRIFT				
6400	10100	Økning lønn	500 000			
6400	12400	Økning drift	800 000			
9000	18002	Økning skjønnskudd			1 300 000	
		INVESTERINGER				
99		Økning startlån	2 500 000			
99		Reduksjon startlån			2 500 000	
99		Økt inv.ramme des.inf.m.	215 000			
99		Redusert VVA		215 000		
		Totalt justeringer	4 015 000	215 000	3 800 000	-

Kommunestyret gjr følgjande justeringar etter tertialrapportering I - 2020.

Budsjettjustering 1 - 2020						
Ansv.	Konto	Kontotekst:	Økning utg.	Red. utgift	Økning innt.	Red. innt.
		DRIFT				
6400	10100	Økning lønn	500 000			
6400	12400	Økning drift	800 000			
9000	18002	Økning skjønnskudd			1 300 000	
		INVESTERINGER				
99		Økning startlån	2 500 000			
99		Reduksjon startlån			2 500 000	
99		Økt inv.ramme des.inf.m.	215 000			
99		Redusert VVA		215 000		
		Miljøfyrtårn-sertifisering	100 000			
		Totalt justeringer	4 115 000	215 000	3 800 000	-

Olav Andersen gjekk gjennom tala.

- Aukar til teknisk drift med 1,3 millionar, finansiert med midlar frå skjønnsmidlane.
- Aukar med 2,5 millionar til startlån, dette er sjølvfinansierende.
- Aukar med 215.000 til maskin for desinfisering, henta frå investeringsramma til V/A.

Odd Harald Dommersnes sa at ein legg opp til å ta fleire budsjettjusteringar undervegs i løpet av 2020, for å unngå store avvik mellom budsjett og rekneskap.

Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om korleis vilkåra no er for startlån.

Ketil Tjore forklarte at det no er slik at kommunen ikkje gjev startlån som toppfinansiering, dersom vedkommande får lån i banken kan ein ikkje få startlån. Startlån er no for dei som ikkje får finansiering i bank.

Austrheim (KrF) viste til at det inneber at det er færre som kan få startlån innanfor ein gitt sum, sidan den enkelte får meir. Er vel også større risiko for tap med fullfinansiering.

Per Lerøy (Ap) sa at det er viktig å skaffa folk bustad, og det er verdt det å ta sjansen på eit tap. Ein viss risiko er det med slike lån, for når banken seier nei så er det ein risiko.

Rådmann Liv Løvvik sa at intensjonen med startlånsordninga nettopp er å hjelpa inn på bustadmarknaden folk som elles ikkje klarer det.

Inger Lise Brekke (H) sa at dette er ein risiko som kommunen må ta, startlånsordninga har ein sosial profil og heilt annleis enn ein kommersiell bank.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 085/20 - 11.06.2020 - Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande justeringar etter tertialrapportering I - 2020.

Budsjettjustering 1 - 2020						
Ansv.	Konto	Kontotekst:	Økning utg.	Red. utgift	Økning innt.	Red. innt.
		<u>DRIFT</u>				
6400	10100	Økning lønn	500 000			
6400	12400	Økning drift	800 000			
9000	18002	Økning skjønnskudd			1 300 000	
		<u>INVESTERINGER</u>				
99		Økning startlån	2 500 000			
99		Reduksjon startlån			2 500 000	
99		Økt inv.ramme des.inf.m.	215 000			
99		Redusert VVA		215 000		
		Totalt justeringer	4 015 000	215 000	3 800 000	-

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

Budsjettjustering inkludert miljøfyrtårn-satsing foreslått av:

Kommunestyret gjer følgjande justeringar etter tertialrapportering I - 2020.

Budsjettjustering 1 - 2020						
Ansv.	Konto	Kontotekst:	Økning utg.	Red. utgift	Økning innt.	Red. innt.
		<u>DRIFT</u>				
6400	10100	Økning lønn	500 000			
6400	12400	Økning drift	800 000			
9000	18002	Økning skjønnskudd			1 300 000	
		<u>INVESTERINGER</u>				
99		Økning startlån	2 500 000			
99		Reduksjon startlån			2 500 000	
99		Økt inv.ramme des.inf.m.	215 000			
99		Redusert VVA		215 000		
		Miljøfyrtårn-sertifisering	100 000			
		Totalt justeringer	4 115 000	215 000	3 800 000	-

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka. (presentasjonen ligg ved møteboka).

Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om det kom skatt på etterskot i samband med at det vart gitt utsetjingar på skatteinnbetalinga. Skatteoppkrevjar Bjarne Sæbø svara at dette er bedriftsskatt som går til Staten.

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, sa om skatt at det vert utfordrande å få inn den skatteinngangen som er sett opp i budsjettet. Dette gjeld også eigedomsskatten, der er Equinor ute med skritt mot dei kommunane dei er etablerte i.

Ordførar Per Lerøy sa om utbytte frå Mongstad Vekst at prosessen med å avvikla selskapet har stoppa opp. Er i gang med regulering av eit areal sør for Kjeilen-krysset. Ser for seg at netto i selskapet er det 16 millionar, der 4,2 millionar er knytt til eigedommar i Kjeilen-krysset. Har hatt inne to taksatorar på denne eigdommen som har sett verdien til 11-13 millionar, men det er usannsynleg at ein skal få desse summane. Ved ei oppløysing av Mongstad Vekst vil 16 millionar vera tilgjengeleg over nyttår, anten i form av eigedom eller i reine midlar. Skal delast mellom BKK 50 prosent, Lindås tomeselskap og AS Austrheim Næringsselskap 25 prosent kvar. Kring fire millionar vil gå til AS Austrheim Næringsselskap (som Austrheim eig), men det er litt usikkert. Ligg også an til avvikling av AS Austrheim næringsselskap, som også har verdiar på 1,8 millionar. Kommunen kan henta desse midlane tidlegare om ein avsluttar AS Austrheim næringsselskap no, og overfører eigarskapet i Mongstad vekst direkte til kommunen.

Kommunalsjef Odd Harald Dommersnes sa at dette med midlane frå Mongstad Vekst påverkar økonomien i 2020, sidan dette var midlar som var rekna med i inneverande. For økonomien tel det på

på plussida at det nok vert lågare lønsvekst i 2020 enn det som er lagt inn i budsjettet med 4 prosent. Per i dag kan nok Austrheim klara å komma ut av Robek med dei naudsynte 850.000 kronene, men det er på håret. Må vera veldig forsiktige med å pådra seg nye kostnader. Må sjå på straumavtalen, som er 30 øre meir per kilowatt enn marknadspris. Og om ein endrar lånerenta er det mogleg å henta mykje der.

Rådmann Løvvik sa at ein driv og ryddar i krokar og krikar for å finna ting. Ser at kommunen har bunde seg til avtalar for å sikra rentar og utgifter, men er no dyrt for kommunen.

Aslak Bakke, H, sa at det er bra å få denne informasjonen.

Kommunalsjef Dommersnes sa at kommunen må gå gjennom absolutt alt for å driva det betre.

Binding gjev sikring, men her har ein låst 80 prosent av lånekapitalen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein ikkje skal vera etterpåklok, ingen hadde venta denne rentenedgangen som kom av Korona. Elles er dette informasjon som bør komma som naturleg del av informasjonen frå administrasjonen.

Rådmann Løvvik sa at ein kan sikra lånerenta for 50 prosent av lånekapitalen, men treng ikkje sikra så mykje som 80 prosent. Når ein no går gjennom alt, så er det for å ta absolutt alt før ein tar for seg stillingar. Folk kan kjenna seg kikka i korta, men slik er det.

Monika Thorpe (Ap) takka for økonomigjennomgangen, og sa at dette var ein konkret og god gjennomgang. Dei grep som er tatt tidlegare er gjort i beste meining.

Dommersnes lova fleire slike gjennomgangar framover, og sa at det skal vera enkle tal, ikkje mange sider.

Rådmann Liv Løvvik ba om at utgiftene til å starta arbeidet med miljøfyrtårn-sertifisering, 100.000 kroner i 2020, vert lagt inn i justeringa. Dette vil redusera resultatet tilsvarande.

Dette sa kommunestyret OK til.

Aslak Bakke (H) spurte om utgifter til Korona vert kontoført slik at ein kan sjå kva Korona kostar kommunen. Rådmann Liv Løvvik stadfesta at dette vart ført slik.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet si tilråding, med justering om 100.000 til miljøfyrtårn-sertifisering.

KS - 063/20 - 18.06.2020 - Vedtak:

Kommunestyret gjer følgjande justeringar etter tertialrapportering I - 2020.

Budsjettjustering 1 - 2020						
Ansv.	Konto	Kontotekst:	Økning utg.	Red. utgift	Økning innt.	Red. innt.
		<u>DRIFT</u>				
6400	10100	Økning lønn	500 000			
6400	12400	Økning drift	800 000			
9000	18002	Økning skjønnskudd			1 300 000	
		<u>INVESTERINGER</u>				
99		Økning startlån	2 500 000			
99		Reduksjon startlån			2 500 000	
99		Økt inv.ramme des.inf.m.	215 000			

99	Redusert VVA		215 000		
	Miljøfyrtårn-sertifisering	100 000			
	Totalt justeringer	4 115 000	215 000	3 800 000	-

064/20: Rullering av økonomiplan 2021-2024

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret vedtar økonomiplanen 2021-2024 slik han ligg føre.

11.06.2020 FORMANNSKAPET

Olav Andersen gjekk gjennom tala.

Det er lagt inn endringar i tråd med den budsjettjusteringa som er gjort.

- Aukar til teknisk drift med 1,3 millionar, med midlar frå skjønnsmidlane.
- Aukar med 2,5 millionar til startlån, dette er sjølvfinansierande.
- Auka med 215.000 til maskin for desinfisering, henta frå investeringsramma til V/A.

Administrasjonen må sjå på kva ein skal gjera med nedgangen i inntekter frå 2020 til 2021, der ein etter kvart skal driva kommunen med 15 millionar i lågare inntekter. Det er lagt inn uspesifisert nedtrekk frå 2021 og utover i planen, dette er det viktig å jobba med framover, for å definera nedtrekka eller kompensera for svikten i inntekter.

Lagt opp til resultat på fire millionar flatt for åra framover.

Viser elles til at regjeringa ventar mindre løns- og prisvekst for åra framover, dette kan gje kommunen ein reserve framover opp mot det som er lagt inn i planen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at med revidert statsbudsjett så kan det komma auka inntekter til kommunane. For inneverande år kan det sjå ut for at økonomien i Austrheim går bra, men 2021 vert definitivt utfordrande for oss.

Handsaming i formannskapet.

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 086/20 - 11.06.2020 - Vedtak:

Kommunestyret vedtar økonomiplanen 2021-2024 slik han ligg føre.

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet si tilråding.

KS - 064/20 - 18.06.2020 - Vedtak:

Kommunestyret vedtar økonomiplanen 2021-2024 slik han ligg føre.

065/20: Tertialrapport I 2020

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet rår kommunestyret til å ta tertialrapport I 2020 til vitande.

11.06.2020 FORMANNSKAPET

(Til innkallinga for denne saka har det komme med ei fil gjeldande 2017, denne skulle ikkje vore med).

Olav Andersen gjekk gjennom tala.

- Ein rask gjennomgang av mai-rekneskapen viser at ein ligg tilsvarande som per 1. tertial.
- Jobbar no med å laga ei prognose for ut 2020, med ulike scenario for korleis situasjonen med Korona kan slå ut for Austrheim kommune.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at ein i arbeidet med desse prognosane for resten av året må ta omsyn til manglande utbytte, eventuelt overføring av midlar frå Mongstad Vekst, og utbetaling frå Havbruksfondet.

Inger Lise Brekke (H) sa at med dei utbetalningar som no har komme frå Nav til permitterte, så vil det komma ein del skatteinntekter til kommunen, sidan dette er utbetalningar som den enkelte må skatta av.

Per Lerøy (Ap) sa at det er bra at kommunen trass situasjonen kan få eit positivt resultat i 2020.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 084/20 - 11.06.2020 - Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å ta tertialrapport I 2020 til vitande.

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for formannskapet si tilråding.

KS - 065/20 - 18.06.2020 - Vedtak:

Kommunestyret tar tertialrapport I 2020 til vitande.

066/20: TV-aksjonen 2020 - oppretting av kommunekomiteé

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomiteé for TV-aksjonen 2020:

- Leiar: Varaordførar Inger Lise Brekke
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne- og familielaget
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag

Austrheim formannskap løyver 25.000 kroner til TV-aksjonen 2020.

Kostnaden vert dekkja frå post 1490380001902

Rådmannen får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomiteé for TV-aksjonen 2020:

- Leiar: Ordførar Per Lerøy
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne- og familielaget
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag
- Eit medlem frå Ungdomsrådet

Austrheim formannskap løyver 25.000 kroner til TV-aksjonen 2020.

Kostnaden vert dekkja frå post 1490380001902

Rådmannen får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

11.06.2020 FORMANNSKAPET

Ny leiar av komiteen foreslått av: Inger Lise Brekke

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomiteé for TV-aksjonen 2020:

- Leiar: (Høgre kjem med framlegg i kommunestyret 18. juni)
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne- og familielaget
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag

Austrheim formannskap løyver 25.000 kroner til TV-aksjonen 2020.

Kostnaden vert dekkja frå post 1490380001902

Rådmannen får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

Inger Lise Brekke (H) sa at for henne var det vanskeleg å ha dette vervet i haust, sidan Brekke både er oppteken med arbeid i nominasjonskomiteen i Høgre før stortingsvalet, og som meddommar i ei ankesak.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det ikkje er noko i vegen for å finna ein annan kandidat. Ber om at ein

tek ein runde internt i Høgre på ein annan kandidat, og så tek det opp i samband med kommunestyret torsdag 18. juni. Brekke (H) sa seg samd i dette. Ordføraren sa vidare at resten av vedtaket kan ein gå for no, med medlemmer og løyvinga på 25.000, som har stått på dette nivået dei siste 5-6 åra.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for Inger Lise Brekke (H) sitt framlegg til vedtak

FS - 083/20 - 11.06.2020 - Vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomiteé for TV-aksjonen 2020:

- Leiar: (Høgre kjem med framlegg i kommunestyret 18. juni)
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne- og familielaget
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag

Austrheim formannskap løyver 25.000 kroner til TV-aksjonen 2020.

Kostnaden vert dekkja frå post 1490380001902

Rådmannen får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

Framlegg med ny leiar, og ungdomsrådet foreslått av: Inger Lise Brekke

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomiteé for TV-aksjonen 2020:

- Leiar: Ordførar Per Lerøy
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne- og familielaget
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag
- Eit medlem frå Ungdomsrådet

Austrheim formannskap løyver 25.000 kroner til TV-aksjonen 2020.

Kostnaden vert dekkja frå post 1490380001902

Rådmannen får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) orienterte om at Per Lerøy vert sett inn som leiar i kommunekomiteen.

Gro Kaland (SP) spurte om ikkje ungdomsrådet burde vore involvert her. Anne Dahle Austrheim (KrF) ba om at det vart ført inn i vedtaket at ein tek med eit medlem frå ungdomsrådet.

Det var semje om å føra dette til i vedtaket.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for framlegg med Per Lerøy som leiar, og med medlem frå ungdomsrådet.

KS - 066/20 - 18.06.2020 - Vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomiteé for TV-aksjonen 2020:

- Leiar: Ordførar Per Lerøy
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining

- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne- og familielaget
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag
- Eit medlem frå Ungdomsrådet

Austrheim formannskap løyver 25.000 kroner til TV-aksjonen 2020.

Kostnaden vert dekkja frå post 1490380001902

Rådmannen får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

067/20: Val av meddommarar

Rådmannen sitt framlegg:

Valnemnda må prioritera mellom dei kandidatane som er lista opp.

Vedtak:

Gulating lagmannsrett, to kvinner

1. Marie Berg
2. Lisa Maria Kopperdal
3. Reidun Hartwall
4. Ann-Norunn Marholm

Gulating lagmannsrett, to menn

1. Morten Sognnes
2. Nils Ove Vassdal
3. Per Ingemar Hartwall

Bergen tingrett, fem kvinner

1. Gro Kaland
2. Toril Hordvik
3. Siv Brekke
4. Gjertrud Johnsen Dyrkolbotn
5. Rannveig Lohne
6. Tina Konstanse Helland
7. Annette Brügger

Bergen tingrett, fem menn

1. Frank Solberg
2. Einar Austrheim
3. Bjørn Inge H. Dyrkolbotn
4. Morten Hodnekvam
5. Geir Åge Nesbø

Nord- og Midhordland jordskifterett, fire kvinner

1. Annette Brügger
2. Monica Fonnes
3. Catrine Aasen

4. Svanhild Vadøy Neteland

Nord- og Midhordland jordskifterett, fire menn

1. Nils Ove Vassdal
2. Pål Andreas Dyrkolbotn
3. Per Ingemar Hartwall
4. Morten Sognnes

Skjønnsmedlemmer, to kvinner

Vibeke Moberg Kaarstad
Gerd Marie Fønnes

Skjønnsmedlemmer, to menn

Bjarte Næss
Geir Åge Nesbø

04.06.2020 VALNEMNDA

foreslått av:

Gulating lagmannsrett, to kvinner

1. Marie Berg
2. Lisa Maria Kopperdal
3. Reidun Hartwall
4. Ann-Norunn Marholm

Gulating lagmannsrett, to menn

1. Morten Sognnes
2. Nils Ove Vassdal
3. Per Ingemar Hartwall

Bergen tingrett, fem kvinner

1. Gro Kaland
2. Toril Hordvik
3. Siv Brække
4. Gjertrud Johnsen Dyrkolbotn
5. Rannveig Lohne
6. Tina Konstane Helland
7. Annette Brügger

Bergen tingrett, fem menn

1. Frank Solberg
2. Einar Austrheim
3. Bjørn Inge H. Dyrkolbotn
4. Morten Hodnekvam
5. Geir Åge Nesbø

Nord- og Midhordland jordskifterett, fire kvinner

1. Annette Brügger
2. Monica Fønnes

3. Catrine Aasen
4. Svanhild Vadøy Neteland

Nord- og Midhordland jordskifterett, fire menn

1. Nils Ove Vassdal
2. Pål Andreas Dyrkolbotn
3. Per Ingemar Hartwall
4. Morten Sognnes

Skjønnsmedlemmer, to kvinner

Vibeke Moberg Kaarstad
Gerd Marie Fonnes

Skjønnsmedlemmer, to menn

Bjarte Næss
Geir Åge Nesbø

Valnemnda diskuterte kandidatane, og sette opp liste som i framlegget som er vedteke.
Prioriteringa skal brukast for å justera, dersom det er enkelte kandidatar som ikkje er valbare.
Lista med kandidatane vert etter møtet lagt ut på offentleg høyring.
Handsaming i utvalet:
Samrøystes for framlegget med prioritert rekkefølge.

VAL - 016/20 - 04.06.2020 - Vedtak:

Gulating lagmannsrett, to kvinner

1. Marie Berg
2. Lisa Maria Kopperdal
3. Reidun Hartwall
4. Ann-Norunn Marholm

Gulating lagmannsrett, to menn

1. Morten Sognnes
2. Nils Ove Vassdal
3. Per Ingemar Hartwall

Bergen tingrett, fem kvinner

1. Gro Kaland
2. Toril Hordvik
3. Siv Brekke
4. Gjertrud Johnsen Dyrkolbotn
5. Rannveig Lohne
6. Tina Konstanse Helland
7. Annette Brügger

Bergen tingrett, fem menn

1. Frank Solberg
2. Einar Austrheim
3. Bjørn Inge H. Dyrkolbotn
4. Morten Hodnekvam

5. Geir Åge Nesbø

Nord- og Midhordland jordskifterett, fire kvinner

1. Annette Brügger
2. Monica Fønnes
3. Catrine Aasen
4. Svanhild Vadøy Neteland

Nord- og Midhordland jordskifterett, fire menn

1. Nils Ove Vassdal
2. Pål Andreas Dyrkolbotn
3. Per Ingemar Hartwall
4. Morten Sognnes

Skjønnsmedlemmer, to kvinner

Vibeke Moberg Kaarstad
Gerd Marie Fønnes

Skjønnsmedlemmer, to menn

Bjarte Næss
Geir Åge Nesbø

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

Valnemnda sitt framlegg foreslått av:

Vedtak:

Gulating lagmannsrett, to kvinner

1. Marie Berg
2. Lisa Maria Kopperdal
3. Reidun Hartwall
4. Ann-Norunn Marholm

Gulating lagmannsrett, to menn

1. Morten Sognnes
2. Nils Ove Vassdal
3. Per Ingemar Hartwall

Bergen tingrett, fem kvinner

1. Gro Kaland
2. Toril Hordvik
3. Siv Brekke
4. Gjertrud Johnsen Dyrkolbotn
5. Rannveig Lohne
6. Tina Konstanse Helland
7. Annette Brügger

Bergen tingrett, fem menn

1. Frank Solberg
2. Einar Austrheim
3. Bjørn Inge H. Dyrkolbotn
4. Morten Hodnekvam

5. Geir Åge Nesbø

Nord- og Midhordland jordskifterett, fire kvinner

1. Annette Brügger
2. Monica Fønnes
3. Catrine Aasen
4. Svanhild Vadøy Neteland

Nord- og Midhordland jordskifterett, fire menn

1. Nils Ove Vassdal
2. Pål Andreas Dyrkolbotn
3. Per Ingemar Hartwall
4. Morten Sognnes

Skjønnsmedlemmer, to kvinner

Vibeke Moberg Kaarstad
Gerd Marie Fønnes

Skjønnsmedlemmer, to menn

Bjarte Næss
Geir Åge Nesbø

Aslak Bakke (H) og Marita Bru (Bygdelista) presenterte på vegner av valkomiteen.

Kandidatane er vandelssjekka og har vore ute på høyring.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valnemnda sitt framlegg til vedtak.

KS - 067/20 - 18.06.2020 - Vedtak:

Vedtak:

Gulating lagmannsrett, to kvinner

1. Marie Berg
2. Lisa Maria Kopperdal
3. Reidun Hartwall
4. Ann-Norunn Marholm

Gulating lagmannsrett, to menn

1. Morten Sognnes
2. Nils Ove Vassdal
3. Per Ingemar Hartwall

Bergen tingrett, fem kvinner

1. Gro Kaland
2. Toril Hordvik
3. Siv Brekke
4. Gjertrud Johnsen Dyrkolbotn
5. Rannveig Lohne
6. Tina Konstane Helland
7. Annette Brügger

Bergen tingrett, fem menn

1. Frank Solberg

2. Einar Austrheim
3. Bjørn Inge H. Dyrkolbotn
4. Morten Hodnekvam
5. Geir Åge Nesbø

Nord- og Midhordland jordskifterett, fire kvinner

1. Annette Brügger
2. Monica Fonnes
3. Catrine Aasen
4. Svanhild Vadøy Neteland

Nord- og Midhordland jordskifterett, fire menn

1. Nils Ove Vassdal
2. Pål Andreas Dyrkolbotn
3. Per Ingemar Hartwall
4. Morten Sogannes

Skjønnsmedlemmer, to kvinner

Vibeke Moberg Kaarstad
Gerd Marie Fonnes

Skjønnsmedlemmer, to menn

Bjarte Næss
Geir Åge Nesbø

068/20: Forlenging av sals- og skjenkeløyve

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim legg i 2020 opp til å forlenga dei eksisterande sals- og skjenkeløyva i kommunen. Det formelle vedtaket vert gjort først i september, etter at den oppdaterte alkoholpolitiske planen er vedteken.

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka.
Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 068/20 - 18.06.2020 - Vedtak:

Austrheim legg i 2020 opp til å forlenga dei eksisterande sals- og skjenkeløyva i kommunen. Det formelle vedtaket vert gjort først i september, etter at den oppdaterte alkoholpolitiske planen er vedteken.

069/20: Oppfølging av forvaltningsrapport spesialundervisning og PPT

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek rådmannen sin tiltaksplan for oppfølging av forvaltningsrapport om spesialundervisning og PPT som omtala i saka.

Kommunestyret ber om rapport innan april 2021 på tiltaksplanen.

27.05.2020 FORMANNSKAPET

Kommunalsjef oppvekst og kultur Bjørnar Fjellhaug hadde ein eigen presentasjon om forvaltningsrapporten som er levert for spesialundervisning og PPT. (Presentasjonen frå Fjellhaug ligg ved møteboka).

Fjellhaug ser at det er gjort ein del funn som administrasjonen må gripa fatt i, som dokumentasjon og felles plan og rutinar. Kan vera usamd med deler av rapporten, men kan bruka den til å gjera endringar til det beste for barn og unge.

Per Lerøy (Ap) sa at det er bra med forvaltningsrapportar for å visa kva som fungerer og kva som ikkje fungerer. Har ikkje innsigelsar til innhaldet i rapporten, stolar på at det faglege innhaldet er godt. Som polititar er eg skuffa, på grunnlag av at kommunestyret har satsa bevisst på kompetanse og høgt utdanna tilsette i barnehagar og skular. Skuffande at ein no får ein rapport på at samarbeidet ikkje har vore godt i organisasjonen, mellom einingane. Dette med samarbeid på tvers av kommunale einingar må berre komma på plass no, dette må vera mogleg å få til i ein liten og oversiktleg kommune som Austrheim. Her har kommunalsjef Fjellhaug full støtte til å ta grep.

Inger Lise Brekke (H) sa seg samd med ordføraren, og er overraska over at det er avdekka manglar på system, i samband med overgang barnehage/skule med meir. Brekke sa vidare at PPT burde vera tettare på det daglege skulemiljøet, for å få eit større fagmiljø og dra vekslar på kunnskap mellom kvarandre.

Fjellhaug sa at det skjer godt arbeid både i barnehage og skule, men det overordna kommunale arbeidet er ikkje godt nok. Overgang barnehage/skule kan vera god, men det er skuleeigar-nivået som ikkje har hatt plan og system som har sikra at dette vert ivareteke. Må også sikra at det ikkje er spesialundervisning for mange elevar, dei fleste skal ha undervisninga saman med andre, og spesialundervisning skal vera for dei som ikkje når kompetansemåla.

Per Lerøy (Ap) viste til at kommunestyret tilsette ein kommunalsjef for skule, og gjekk inn i KS-prosjektet for å bli ein god barnehage- og skuleeigar, men ser ikkje at ein har fått noko igjen for dei ressursane ein har sett inn.

Rådmann Liv Løvvik sa at det ikkje har vore kapasitet sentralt i kommunen til å ha ein sentral plan på dette arbeidet. Må jobba for å få meir tilpassa opplæring inn i skulen, og ikkje spesialundervisning for mange. Skal sikra dette med å få plass ein plan, som ein kan måla seg etter.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er bra med denne typen ettersyn slik at ein får korrigert kursen undervegs. Veit at det vert jobba godt ute i organisasjonen, men manglar det overordna. Trur ikkje det har mangla på tilbodet til born og unge, men har ikkje overordna plan. Ønsker at PPT er meir aktive i rettleiing av dei som driv spesialundervisning og undervisning elles ute i skule og barnehage. For barn som ikkje går i barnehage, må ein ta med helsestasjonen i dette kartleggingsarbeidet.

Per Lerøy (Ap) sa at det har vore jobba med dette lenge, no må ein komma frå ord til handling.

Inger Lise Brekke (H) sa at ho kjenner seg trygg på at det skjer ei endring no. Må jobba vidare med lærarar og assistentar, og dela informasjon fram og tilbake. I tillegg må kommunen ha ein plan på å gje eit godt tilbod til dei evnerike elevane, og desse elevane skal ha eit individuelt tilpassa undervisningsopplegg.

Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug sa at det er bra at det er eit stort engasjement om dette. Seier seg samd med Brekke i at skulen må ha eit eige tilpassa opplegg for dei elevane som er evnerike, ein skal sikra eit tilbod til alle elevane. Det er mange som kan vera sårbare på ulike sett. Skal elles rapportera undervegs i arbeidet vidare.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 078/20 - 27.05.2020 - Vedtak:

Kommunestyret vedtek rådmannen sin tiltaksplan for oppfølging av forvaltningsrapport om spesialundervisning og PPT som omtala i saka.

Kommunestyret ber om rapport innan april 2021 på tiltaksplanen.

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

Kommunalsjef oppvekst og kultur Bjørnar Fjellhaug presenterte kommunen sin tiltaksplan for oppfølging av forvaltningsrapport om spesialundervisning og PPT (sjå vedlegg).

Marita Bru (Bygdelista) sa at med ein god struktur er det lettare for foreldra å vita kva rettar dei har. La til at det var litt få som svara på undersøkinga. Bru sa vidare at det er viktig å følgja opp at det vert gitt tilbod som tilsvare det som er gitt i vedtak. Synest at rapporten understrekar at ungdomsskulen bør samlast på ein plass, for å styrka og samla den spesialpedagogiske kompetansen.

Liv Løvvik sa at dette handlar om at det spesialpedagogiske korpset må vera på plass med rettleiing, her er det eit forbettringspotensiale på systemnivå, der ein må følgja opp arbeidet i skulane.

Kommunen leverer på vedtaka, men må syta for at barna vert ivareteke betre enn i dag, og fanga opp ting tidleg.

Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug lova at ein skal følgja opp arbeidet med jamleg rapportering til kommunestyret

Monika Thorpe (Ap) spurte om korleis ein skal jobba med dette frå no av.

Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug svara at kommunen skal ta i bruk kvalitetssystem og følgja opp fagpersonale. Gjennom månadlege avdelingsmøte i oppvekst og kultur skal ein jobba med å gjennomføra det som ligg i kriteria. Skal ha PP-tenesta inn for å sjå på korleis ein jobbar no, og korleis ein skal jobba framover.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er foreldre som ikkje vil at informasjonen skal flyta over ved overgang barnehage/skule og barneskule/ungdomsskule, og som vil at barna skal starta med blanke ark og ikkje vera «førehandsdømte».

Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug svara at det skal gis samtykke frå foreldre for å gi informasjonen over ved overgangar. Men det er generelt til det beste for barnet at informasjonen går over, må trygga foreldra i det at dette skal gjerast til barnets beste.

Inger Lise Brekke (H) sa at ho var samd med at informasjonen bør gå vidare ved slike overgangar. Brekke spurte om arbeidsgruppa skal ha med tillitsvalde?

Kommunalsjef Fjellhaug svara at det ikkje skal vera tillitsvalde i arbeidsgruppa, det er faggrupper det er tale om her.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak.

KS - 069/20 - 18.06.2020 - Vedtak:

Kommunestyret vedtek rådmannen sin tiltaksplan for oppfølging av forvaltningsrapport om spesialundervisning og PPT som omtala i saka.

Kommunestyret ber om rapport innan april 2021 på tiltaksplanen.

070/20: Retningslinjer for avhending av kommunale eigedommar

Rådmannen sitt framlegg:

Retningslinjene for avhending av kommunale eigedommar vert vedtekne slik dei ligg føre.

27.05.2020 FORMANNSKAPET

Kommunalsjef Thomas Lindås orienterte om saka.

Det har vore orientert om denne saka før, men utan at ein vedtok retningslinjer for sal.

Prøver no å vera så tydeleg som ein kan i retningslinjene, men samstundes ha eit handlingsrom for justeringar.

Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om dette er godt eigna til å trekka til seg kjøparar/næringsliv som vil etablere seg i Austrheim. Til dette svara Thomas Lindås at kommunen bør vera ein meir aktiv eigar, som også kan gå med i prosjekt dersom det kan gje kommunen betre utteljing.

Lerøy (Ap) spurte vidare om dette legg til rette for å selja leilegheiter der kommunen eig ein leilegheit i eit bygg der andre bur. Kan ein løysa dette? Til dette siste svara Thomas Lindås at ein kan la eigarar i bygg som leilegheiter som skal seljast, kan få rett til å tre inn på høgaste bod.

Inger Lise Brekke (H) støtta framlegget frå Lindås om å la eigarar i same bygg få overta til høgaste pris. Elles oppmoda Brekke til å gå breitt ut i utlysinga av eigedommar som skal seljast.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om punktet der det heiter at bygg/eigedommar som hovudregel skal leggst ut på den opne marknaden. Til dette svara kommunalsjef Lindås at det til dømes kan gjelda dersom kommunen ønskjer å selja Rongevær kurs- og fritidssenter, der ein kanskje ikkje vil selja til privat eige. Og når det gjeld direkte spørsmål til private, så skal det skje i tillegg til annan annonsering.

Per Lerøy (Ap) spurte om det framleis er mogleg for lokale bedrifter å kjøpa kommunal eigedom og deretter utvikla denne. Det må vera mogleg å komma med ein god idé til kommunen utan at denne vert offentleggjort og gjort tilgjengeleg for alle. Viste til ideen som kom om Kystlandsbyen, der prosjektet var uttenkt av private. Kommunalsjef Lindås svara at det er eit mål for kommunen å vera ein meir aktiv eigar som sikrar mest mogleg midlar til kommunen. Men ser utfordringar i at kommunen seier at "det var ein god tanke", og så legga eigdommen ut for sal med denne ideen.

Per Lerøy (Ap) sa at ein ikkje berre burde sjå på kortsiktig inntekt, men sjå på kva som kan gje best mogleg utvikling på sikt.

Asbjørn Toft sa at politikken tidlegare har vore at kommunen har selt eigedommar til takst.

Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om at utlysing av eigedommar må vera hovudregelen, det er ikkje sikkert at ein lokalt har alle gode idear om kva ein eigedom kan brukast til.

Rådmann Liv Løvvik viste til at det må vera armlengdes avstand mellom kommunen og kjøpar, og ei god løysing kan vera å gjera som i Bergen der ein går aktivt ut og annonserer at dette er eit område der ein ønskjer utvikling. Viser elles til at Austrheim skal selja for 4,4 millionar kroner i år, for å sikra finansiering av investeringar som kommunen har på gang.

Thomas Lindås sa at dagens praksis er at dersom nokon tek kontakt og vil kjøpa, så er svaret at det skal gjennomførast takst og lysast ut. Eventuelle idear om bruk/utvikling er konfidensielle. Det er mogleg å setja klausular på at eigdommen skal utviklast innan så og så lang tid.

Per Lerøy spurte om det er mogleg å seia nei til å selja til spesielle tilbydarar. Liv Løvvik svara at dette etter hennar syn vil vera vanskeleg, men mogleg. Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa at kommunen som grunneigar står fritt til å seia ja eller nei. Det er ikkje eit enkeltvedtak, og det kan ikkje påklagast.

Bjørn Inge H. Dyrkolbotn (Sp) spurte om det er mogleg å setta av leilegheiter som skal seljast, for dei som har vanskar med å komma seg inn på bustadmarknaden. Rådmann Liv Løvvik svara at det ikkje er rom for å gje subsidiar. Thomas Lindås sa at kommunen kan ta inn i arbeidet med reguleringsplanar og utbyggingsavtalar at det skal leggast til rette for mindre bustader.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om det er mogleg å selja leilegheiter heller enn å pussa opp for kommunale midlar, for å hjelpa folk inn på bustadmarknaden. Om dette sa Per Lerøy (Ap) at det er betre for kommunen å selja enn å pussa opp slike leilegheiter.

Per Lerøy (Ap) viste til at det er tre tomter tilgjengeleg i Kystlandsbyen, som er rimelege. Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om at desse gjerne vart lyste ut meir aktivt.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 075/20 - 27.05.2020 - Vedtak:

Retningslinjene for avhending av kommunale eigdommar vert vedtekne slik dei ligg føre.

04.06.2020 KOMMUNESTYRET

Utsettingsframlegg foreslått av: Per Lerøy

Saka vert utsett til kommande kommunestyre, der rådmannen kan komma med eit justert framlegg, der ein er sikker på det juridiske er korrekt.

Kommunalsjef Service og forvaltning Thomas Lindås orienterte om saka, og sa at desse retningslinjene er meint å ta høgde for ulike alternativ for korleis kommunen kan avhenda eigedom.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om punktet der det er omtala å gå direkte til private interessentar, og spurte om dette betydde at ein skal gå utanom annonsering. Kommunalsjef Lindås svara at alle eigdommar skal ut på Finn/liknande, men at ein i tillegg kan tipsa lokale interessentar om at det er areal som kan utviklast.

Inger Lise Brekke (H) spurte om dette med sal av leilegheiter i bygg der det også bur private. Kommunalsjef Lindås svara at ein kan gje forkjopsrett tilsvarande høgaste bod, men ikkje til takst. Kommunen ønskjer å ta ut best mogleg pris.

Per Lerøy (Ap) og Inger Lise Brekke (H) sa seg samd med prinsippet om forkjopsrett til høgaste bod.

Reidar Øksnes (Sp) sa at retningslinjene også burde omfatta verdifastsetting, at punktet med utlysing kunne forenklast utan opplysing av dei ulike plattformar, og at ein i tillegg burde ta med at ein må sjå på kva som ligg av eksisterande avtalar og rettar.

Øksnes ba vidare om at godkjenning av sal skulle gjerast av formannskap og kommunestyre, og ikkje berre ordførar.

Kommunalsjef Thomas Lindås sa seg samd i at det kunne redigerast inn ei overskrift på teksten. Når det gjeld punktet om at alle eigedommar som hovudregel skal lysast ut, så er det for å ta inn den fleksibiliteten ein treng. Når det står at sal skal godkjennast ved ordførar så er det meint for å sikra hurtigheit og fleksibilitet i desse sakene. Prosjektrapporten for strategisk eigedomsforvaltning viser til kva ein vurderer som aktuelt for sal, elles vil det leggest ut på Finn.no og heimesida til kommunen.

Rådmann Liv Løvvik sa at kommunen følger dei reglar som gjeld, mellom anna med ulik framgangsmåte for næringseigedom og andre eigedommar. Vil laga liste over kva som kan seljast, der det er lagt inn inntekter frå sal framover.

Kommunalsjef Lindås sa at ein vil løfta for politisk nivå kva som er aktuelt å selja, om det ikkje ligg klart i retningslinjene, og om det er spesielle areal/eigedommar det er tale om.

Per Lerøy (Ap) viste til at kommunestyret har lagt ei føring på sal når det er lagt inn i budsjettet salsinntekter på over 4 millionar kroner. Elles er det naturleg å ta det opp politisk dersom det er spesielle eigedommar som skal seljast, som til dømes kyrkjelydshuset, det gamle kommunehuset, med fleire.

Marita Bru (Bygdelista) spurte om kva eigedommar som er selt dei siste åra. Kommunalsjef Lindås svara at han ikkje har nøyaktige tal på dette, men at det varierer litt frå år til år på bustadeigedommar og anna.

Ordførar Lerøy (Ap) viste til at kommunen dei seinare åra har selt strøtomter ulike stader, eit større areal i Kalandsfeltet, og tre naust på Baløy. I all hovudsak skjer dette på den opne marknaden. Om dette sa kommunalsjef Lindås er at når det ikkje vert lyst ut, så gjeld det gjerne tilleggsareal til private eigedommar og tilsvarande som ikkje har interesse på den opne marknaden.

Marita Bru (Bygdelista) spurte om ein kan presisera siste punktet i lista slik at ein ser kva som skal til politisk godkjenning.

Reidar Øksnes (Sp) kom med eit framlegg til endring av vedtaket (det vart ikkje røysta over dette, saka vart utsett):

"Retningslinjer for verdisetting og mulig avhending av kommunal eigedom

Det 4. siste kulepunktet endra til: Om det ikkje er avtalar eller rettar som hindrar dette, skal alle eigedommar lysast ut på den opne marknaden.

Vil stryka det siste kulepunktet."

Per Lerøy (Ap) sa at det siste punktet gjerne kan endrast til at "ved sal av eigedom signerer ordførar på vegner av kommunestyret".

Helge Dyrkolbotn (KrF) støtta Reidar Øksnes sitt framlegg samt Per Lerøy sitt punkt om å redigera siste kulepunkt. Dyrkolbotn sa at han ikkje ser at det er nødvendig å spesifisera vedtaket meir slik, Bru (Bygdelista) ba om.

Kommunalsjef Thomas Lindås sa at utan fleksibiliteten som ligg i dette kulepunkt 6 i dag, så kan ein til dømes ikkje selja til BOF elle liknande. Rådmann Løvvik ba om at ein ikkje innskrenkar både

dette og kommande kommunestyre sine moglegheiter til å selja eigedom.

Per Lerøy (Ap) ba om at saka vert utsett til kommande kommunestyre 18/6 for å gje rådmannen ein sjanse til å komma med eit justert framlegg, for å sikra at det vert juridisk rett.

Anne Dähle Austrheim (KrF) sa seg samd med Lindås i at det må ligga fleksibilitet til å unngå sal av til dømes skulen/kurssenteret i Rongevær. Støttar ordførar i at ein ventar med saka til 18/6. Thomas Lindås svara sa at ein fint kan ta saka opp til handsaming 18/6 med justeringar.

Rådmann Løvvik ba om at eigedomsrapporten vart sendt ut til alle.

Inger Lise Brekke (H) sa seg samd i at ein kan komma tilbake med eit justert framlegg, det same vart støtta av Reidar Ulvøy (Ap) og Morten Sognnes (H). Også Reidar Øksnes (Sp) sa seg samd i at saka kjem opp på nytt i kommunestyret.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for Per Lerøy (Ap) sitt framlegg om utsetting

KS - 058/20 - 04.06.2020 - Vedtak:

Saka vert utsett til kommande kommunestyre, der rådmannen kan komma med eit justert framlegg, der ein er sikker på det juridiske er korrekt.

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

Kommunalsjef Thomas Lindås orienterte om saka, der retningslinjene er endra sidan saka var oppe i kommunestyret sist.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette er OK, med den fleksibiliteten ein må ha.

Marita Bru (Bygdelista) spurte om det er nok med eit skjul på ein næringseigedom, så er det OK.

Om dette svara Thomas Lindås at det er noko ein må ta med i salsprosessen. Må gjerne skilja mellom ei tomt som skal seljast til bustad, eller næringseigedom det det kan vera vanskelegare å stilla slike krav, om den som kjøper tomta skal utvikla denne og bygga opp før ein får sjekka interessa med marknaden. Administrasjonen er elles samd i at ein må sikra gode kontraktar for å unngå dette med næringseigedommar med «eit vedskjul» på.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om ordførar skal kunna nekta for eit sal av ein eigedom? Til dømes om ein er involvert i ein kjøpsprosess sjølv. Meiner at det er det innhaldet som ligg i dette punktet slik det står no.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dersom ein ugild så er ein ikkje involvert, og då kjem ein ikkje i slike situasjonar.

Rådmann Løvvik sat at habilitetsregelverket vil tre inn i slike situasjonar.

Thomas Lindås sa at ein kan skifta «endeleg godkjenning» med «signering», då går noko av kontrollfunksjonen vekk.

Reidar Øksnes (Sp) sa at slik framlegget er så kan ordførar stoppa eit sal. Vil heller ha at endeleg avtale vert signert av ordførar.

Marita Bru (Bygdelista) sa at det kunne stått at ordførar signerer på vegner av kommunestyret, som i «Ved sal av eigedom signerer ordførar på vegner av kommunestyret».

Rådmann Liv Løvvik sa at dette med signering følgjer av kommunelova paragraf 6.1, og kommunalsjef Thomas Lindås sa at det er krav om signering frå Kartverket når det skal inn til godkjenning av skøyte.

Marita Bru (Bygdelista) sa til punktet om høgaste pris, er det slik at kommunen skal diskutera med enkelte kjøparar?

Kommunalsjef Thomas Lindås svara at det i første omgang er eit spørsmål om å få informasjonen ut til flest mogleg ved sal. Men det kjem også inn folk som spør om det er mogleg å kjøpa og utvikla eit område. For arealet som er til sals på Kaland/Fonnes, der vert det invitert inn til eit informasjonsmøte der ein deler den informasjonen som er aktuell for det enkelte område.

Ordførar Per Lerøy sa at det også kan vera slik at ein går inn i eit samarbeid med konkrete tilbydarar for å få til ei utvikling, som til dømes det er gjort i Bergen for spørsmålet om ein byarena. Men då er det eit politisk fleirtal i ein open politisk prosess som gjer dette.

Aslak Bakke (H) sa at det må telja noko også kva ein får til på eit næringsareal, om det er nye arbeidsplassar eller ikkje. Er diverre også tomter ein skal få slita med å få selja.

Rådmann Liv Løvvik sa at administrasjonen pliktar likebehandling, medan det politiske nivået står mykje friare på dette. Adm legg ikkje opp til skeivfordeling av gode.

Per Lerøy (Ap) sa at dersom det til dømes kjem ein aktør og seier at dei vil etablera ein hydrogenfabrikk, så vil ein ikkje lysa dette ut på den opne marknaden.

Kommunalsjef Thomas Lindås sa at i dei aller fleste tilfelle vil ein jobba for høgast mogleg pris, men er ikkje låst på dette med dette reglementet. Reglementet seier korleis administrasjonen skal jobba i alle småsakene der ein orienterer i etterkant om at «dette er selt».

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak.

KS - 070/20 - 18.06.2020 - Vedtak:

Retningslinjene for avhending av kommunale eigedommar vert vedtekne slik dei ligg føre.

071/20: Revidert selskapsavtale for Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS

Rådmannen sitt framlegg:

I medhold av lov om interkommunale selskaper av 29.01.1999 nr. 6 § 4 slutter Austrheim kommune seg til fremlagte forslag til revidert selskapsavtale for Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS, og innstiller for representantskapet å godkjenne forslaget.

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak.

KS - 071/20 - 18.06.2020 - Vedtak:

I medhold av lov om interkommunale selskaper av 29.01.1999 nr. 6 § 4 slutter Austrheim kommune seg til fremlagte forslag til revidert selskapsavtale for Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS, og innstiller for representantskapet å godkjenne forslaget.

072/20: Etske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Austrheim kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret vedtar tillegg i punkt 7 i etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Austrheim: Styrevervregisteret:

Dersom du er registrert i Styrevervregisteret, finnes det allereie opplysningar om nokre av dine verv og interesser. Det gjeld verv som folkevald eller stilling i kommunen, fylkeskommunen eller kommunalt selskap, samt opplysningar frå Enhetsregisteret og Foretaksregisteret.

Andre verv og interesser som du vurderer som relevante må du sjølv legge inn.

Kommunestyret vedtar tillegg i punkt 7 i etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Austrheim: Styrevervregisteret:

Dersom du er registrert i Styrevervregisteret, finnes det allereie opplysningar om nokre av dine verv og interesser. Dette gjeld verv som folkevald eller verv i kommunalt selskap, samt opplysningar frå Enhetsregisteret og Foretaksregisteret.

Andre verv og interesser som du vurderer som relevante må du sjølv legge inn.

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

Felles foreslått av:

Kommunestyret vedtar tillegg i punkt 7 i etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Austrheim: Styrevervregisteret:

Dersom du er registrert i Styrevervregisteret, finnes det allereie opplysningar om nokre av dine verv og interesser. Dette gjeld verv som folkevald eller verv i kommunalt selskap, samt opplysningar frå Enhetsregisteret og Foretaksregisteret.

Andre verv og interesser som du vurderer som relevante må du sjølv legge inn.

Rådmann Liv Løvvik orienterte om saka. Dette skal sikra at det er tydeleg at det ikkje er skjulte interesser eller føremål som kan påverka avgjerder.

Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om dette med tilsette, om dette burde vore meir presisert enn slik det står no.

Kommunalsjef Odd Harald Dommersnes svara at det skal leggest inn at dette gjeld for dei som tar avgjerder i tilsettingssaker og liknande. Tilsette må leggja inn verva sine på ein annan måte enn politisk valde.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak

KS - 072/20 - 18.06.2020 - Vedtak:

Kommunestyret vedtar tillegg i punkt 7 i etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Austrheim: Styrevervregisteret:

Dersom du er registrert i Styrevervregisteret, finnes det allereie opplysningar om nokre av dine verv og interesser. Dette gjeld verv som folkevald eller verv i kommunalt selskap, samt opplysningar frå Enhetsregisteret og Foretaksregisteret.

Andre verv og interesser som du vurderer som relevante må du sjølv legge inn.

073/20: Forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek forskrift om folkevalde sine arbeidsvikår for Austrheim kommune

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak, som er basert på arbeidet gjirt av gruppeleiarane.

KS - 073/20 - 18.06.2020 - Vedtak:

Kommunestyret vedtek forskrift om folkevalde sine arbeidsvikår for Austrheim kommune

004/20: Ny protokoll med tillitsvalde med tanke på utlandsreiser under Korona-perioden

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.

18.06.2020 KOMMUNESTYRET

Rådmann Liv Løvvik orienterte om saka.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak

KS - 004/20 - 18.06.2020 - Vedtak:

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
110/20	Kommunestyret	PS	24.11.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FA-X20	20/93

Forskrift om Korona-tiltak strengare enn dei nasjonale - gjeldande til 8. desember

Vedlegg

Forskrift om smitteverntiltak i Austrheim kommune - KS 241120

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek som forskrift dei tiltaka som Kommunal kriseleiing (KKL) har innført i dagens smittesituasjon. Tiltaka er tilnærma lik dei som er innførte i Bergen og dei næraste omegnskommunane, det største unntaket er at det er opna for 50 gjester i både gravferder og gudstenester.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vurdering

Kommunal kriseleiing (KKL) har med bakgrunn i smitteveksten ein har hatt i Bergen, og dei tiltak som er innførte der, vedteke eitt sett Korona-reglar som til dels er strengare enn dei nasjonale retningslinjene.

Tiltaka skal sikra at ein ikkje får ei smitteoppblomstring her i Austrheim, tilsvarande den som Bergen kommune har fått. Tiltaka i Austrheim bygger på tiltaka innført i Bergen og omegnskommunane.

Innbyggjarane i kommunen blir gjort merksame på tiltaka via oppslag på nett og Facebook, og varsel via SMS og e-post. Alle tilsette får melding direkte på e-post.

Konklusjon

Kommunestyret vedtek som forskrift dei tiltaka som Kommunal kriseleiing (KKL) har innført i dagens smittesituasjon. Tiltaka er tilnærma lik dei som er innførte i Bergen og dei næraste omegnskommunane, det største unntaket er at det er opna for 50 gjester i både gravferder og gudstenester.

Forskrift om smitteverntiltak i Austrheim kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Austrheim tysdag 24. november med heimel i lov av 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsomme sykdommer § 4-1.

1. Bakgrunn:

Den siste tida har me hatt fleire smittetilfelle i verksemder i kommunen, der smitten har komme inn frå nabokommunar. Austrheim kommune er ein del av bu- og arbeidsmarknadsregionen rundt Bergen, og det er naturleg å ha dei same tiltaka mot Korona. Austrheim følgjer i stor grad dei Korona-tiltaka som er innførte av Bergen kommune, og i kommunane rundt Bergen, med nokre lokale tilpassingar.

Målet med tiltaka er å bremsa smittepresset, og halda smitten vekk frå institusjonar og andre som kan bli ekstra hardt råka av smitte. På den andre sida skal desse tiltaka gjera det mogleg for born og unge å halda fram med skule og fritidsaktivitetar, mest mogleg som før.

Kommunen har for denne perioden gjort planlagde møte om til digitale møte, i størst mogleg grad. Dette er eit tiltak som også andre bør ta i bruk for å redusera fysiske møte. Om nokon er kalla inn til møte med kommunen, og ikkje kan møta digitalt, kan dei ta kontakt med Servicekontoret for å få hjelp.

2. Varigheit:

Tiltaka gjeld frå tysdag 24. november klokka 24.00, og til og med tysdag 8. desember, eller til det kjem ny avgjerd. Tiltaka er noko strengare enn dei nasjonale retningslinjene. I den grad dei er strengare enn nasjonalt, er det heimla i det mynde som smittevernoverlegen har, og stadfesta av kommunestyret

3. Kor mange kan samlast, privat:

Talet som kan delta på private samankomstar:

* Fem personar, inklusive dei som bur i husstanden. Husstandar på fire eller fleire kan likevel ha inntil to gjester samstundes, sjølv om dette betyr at det samla talet er over fem.

* Det er unntak for dei familiane som bur saman fleire enn fem, og for familiar med delt samvær er det barnas beste som gjeld, slik at avgrensingane ikkje omfattar barn som er del av fleire husstandar.

* Det er unntak for kohortar for barn i barnehage og barneskule.

* Verten skal leggja til rette for smittevern, og ha oversikt over kven som er tilstades om dette skulle bli naudsynt for smitteoppsporing.

4. Arrangement på offentlig stad, som skal ha faste sitteplassar:

* Det er ikkje lov med fleire enn 20 deltakarar til stades. Dette gjeld både private og offentlige arrangement på offentlig stad.

* Gravferder og gudstenester er unntatt denne regelen. Der kan ein vera inntil 50 personar, i klart skilte sitteplassar.

* Arrangement utan fast sitteplass er forbode.

* Den smitteansvarlege skal sjå til at smittevern/føring av gjesteliste med meir skjer etter det som er bestemt tidlegare.

5. Redusert aktivitetstilbod

* Breiddeidrett og amatørkultur for vaksne over 20 år blir forbode. Dette inkluderer kor og korps.

* Treningscenter, idrettshallar, svømmehallar og lokale for tilsvarande aktivitetar skal halda stengt. Dette omfattar ikkje individuell fysikalsk trening.

* Bestemminga for idrettshallar og svømmehallar gjeld ikkje for organisert trening for barn og unge, eller undervisning til barn og unge under 20 år.

* Treningar for barn og ungdom under 20 år kan gjennomførast, men arrangement som kampar, cupar, turneringar, konkurransar og liknande er ikkje lov.

* Museum og liknande tilbod som bowling, bingo og kunstutstillingar skal halda stengt.

* Biblioteket er stengt for aktivitetar og opphald, men det blir høve til utlån og innlevering.

6. Handling på butikkar og kjøpesenter

* Butikkar, kjøpesenter og liknande må sikra at det ikkje er fleire i lokalet enn at ein kan ha 2 meters avstand.

* Godkjent tal kundar i lokalet vert rekna ut frå storleiken på lokalet. Det skal om naudsynt vera vakthald som sikrar at kravet vert etterlevd.

7. Krav til munnbind

* Når det gjeld munnbind, så er det krav om bruk av munnbind/ansiktsmaske på kollektivtrafikk og innandørs på offentlig stad (butikkar, kjøpesenter mv), der ein meters avstand ikkje er mogleg å etterleva.

* I tillegg er det påbod med munnbind for både sjåfør og passasjerar i taxi.

* På skjenkestader, restaurantar, kafear, kantiner og andre serveringsstader skal munnbind brukast når ein beveger seg i lokalet og avstandskravet på ein meter ikkje kan etterlevast.

8. Tidlegare stenging av serveringsstader

* Skjenkestader, restaurantar, kafear, kantiner og andre serveringsstader skal stenga seinast kl. 22.00, og skjenking stoppar frå kl. 21.30. Bestemminga gjeld ikkje takeaway-stader.

9. Heimekontor, skular og sjukeheimar

* Det er krav om heimekontor for alle som kan utføra arbeidet sitt frå heimekontor. Ha kontakt med arbeidsgjevar før du har heimekontor.

* Det skal vera raudt nivå og kan vera heimeskule på vidaregåande skular, medan barnehagar og barne- og ungdomsskulane kan vera opne. Skulane skal drivast på gult nivå, såframt det ikkje oppstår ein smittesituasjon som tilseier noko anna.

* Det er besøksrestriksjonar på helseinstitusjonar, sjekk med Nordliheimen kva krav dei har til ei kvar tid. Per no er det redusert til eitt besøk per bebuar, per veke. Desse avgrensingane gjeld ikkje pasientar som er i livets siste fase.

10. Generelle råd gjeld

* Alle bør i dei neste vekene avgrensa kor mange dei har kontakt med, i arbeidstida og på fritida. Dette inkluderer arbeids- og fritidsreiser, og ikkje reis kollektivt om du ikkje må.

11. Straff

Forsettleg eller uaktsamt brot på føresegnene i denne forskrifta kan straffast iht. Lov om vern mot smittsame sjukdommar (smittevernlova) § 8-1. Det er Politiet som handhevar denne føresegna, og som kan skriva ut bøter for brot.

Alle desse krava lista over kjem på toppen av dei generelle råda: Som at ein ikkje går på butikken om ein er i karantene, ikkje går ut av huset om ein er i isolasjon, og elles vaskar hender godt og brukar handsprit der du ikkje kan vaska hendene med såpe. Også Regjeringa har oppdatert sine råd, dette finn du her på www.regjeringen.no: